
REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK

RAPPORT FOR 2012

Dokument 9 (2012–2013)



REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK

RAPPORT FOR 2012

Dokument 9 (2012–2013)

TIL STORTINGET

Representantskapet i Noregs Bank er oppnemnt av Stortinget. Det skal føre tilsyn med drifta i sentralbanken og sjå til at reglane for verksemda blir følgde, inkludert forvaltninga av Statens pensjonsfond utland.

Den finansielle uroa som følgje av statsgjeldkrisa i Europa kom klart til uttrykk i 2012. Representantskapet har lagt vekt på å halde seg oppdatert om utviklinga, verknader for verksemda i banken og tiltak som blir sette i verk, i sentralbankverksemda og kapitalforvaltninga.

I samsvar med føringar frå Stortinget legg representantskapet vesentleg vekt på å følgje kapitalforvaltninga. Styrkinga av dei internasjonale kapitalmarknadene har medverka til god avkastning både for Statens pensjonsfond utland og valutareservane. Ved utgangen av 2012 hadde Noregs Bank samla 4 073 milliardar kroner til forvaltning, av dette utgjorde Staten pensjonsfond utland 3 814 milliardar kroner. Representantskapet har også i 2012 følgt spesielt med på oppbygginga av eigedomsporføljen og organiseringa av denne verksemda gjennom utanlandske datterselskap.

Når det gjeld drifta i banken, har representantskapet særleg vore oppteke av økonomistyring, IT, sikkerheit og beredskap.

Representantskapet har behandla årsmeldinga for Noregs Bank og fastsett årsrekneskapen for 2012. Rapport frå Noregs Bank om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland for 2012 er òg behandla. Når det gjeld meir utfyllande framstilling om verksemda i sentralbanken, blir det vist til desse rapportane.

I sitt møte 7. mars 2013 vedtok representantskapet rapporten om tilsynet med Noregs Bank i 2012. Rapporten blir med dette lagd fram for Stortinget.

Oslo, 20. mars 2013

Reidar Sandal
Leiar i Noregs Banks representantskap

INNHOLD

1. Samandrag	6
Representantskapets hovudkonklusjon	7
2. Korleis representantskapet gjennomfører tilsyn	9
Representantskapets rolle og ansvar	9
Korleis representantskapet er samansett og organisert	10
Aktivitetar og ressursbruk i representantskapet i 2012	13
Metodisk tilnærming for tilsynsarbeidet	15
3. Noregs Banks organisasjon og verksemd i 2012	19
4. Tilsyn med overordna styring og kontroll	21
Overordna rammeverk for Noregs Bank	21
Etablert overordna styrings- og kontrollstruktur i Noregs Bank	21
Representantskapets generelle oppfølging	22
Særskilde saker og forhold i 2012	23
5. Tilsyn med sentralbankverksemda	27
Etablert styrings- og kontrollstruktur	27
Representantskapets generelle oppfølging	27
Særskilde saker og forhold i 2012	27
6. Tilsyn med kapitalforvaltninga	31
Etablert styrings- og kontrollstruktur	31
Representantskapets generelle oppfølging	33
Særskilde saker og forhold i 2012	33
7. Noregs Banks budsjett og rekneskap	39
Etablerte budsjett- og rekneskapsprosessar	39
Oppfølging av ressursbruk og vedtak om Noregs Banks budsjett	39
Særskilde saker og forhold i 2012	40
Noregs Banks årsrekneskap for 2012	41
8. Vurdering av hovudstyrets styring og kontroll	43
Gjennomgang av hovudstyrets protokollar	43
Representantskapets overordna vurdering	43
9. Prioriteringar i det vidare tilsynsarbeidet	45
 Vedlegg	 47
Representantskapet i Noregs Bank 2012–2013	47
Presentasjon av medlemmene i representantskapet	48

KAPITTEL 1

SAMANDRAG

Representantskapet i Noregs Bank har i samsvar med sentralbanklova § 5 ført tilsyn med drifta i Noregs Bank og sett etter at reglane for verksemda i banken er følgde i 2012.

I tråd med sentralbanklova rapporterer representantskapet om hovudstyrets protokollar, tilsynet med banken og saker som hovudstyret har lagt fram.

Hovudstyret har den utøvande og rådgivande makta i Noregs Bank etter sentralbanklova. Det leier verksemda i banken og forvaltar midlane. Representantskapet fører tilsyn med at hovudstyret har tilfredsstillende styring og kontroll med verksemda i banken og måten banken etterlever lover, avtalar, vedtak og anna rammeverk på. Vidare vedtek representantskapet bankens budsjett og fastset bankens årsrekneskap.

I rapporten til Stortinget for 2011 (Dokument 9 (2011–2012)) blei det gjort greie for prioriteringar for det vidare tilsynsarbeidet. Moment for tilsynet som òg blei trekte særskilt fram i finanskomiteens innstilling¹ til Stortinget, er omfatta av tilsynet i 2012 og omtalte i årets rapport.

Representantskapet har gjennomført tilsynsoppgåvene sine med basis i behandling av hovudstyrets protokollar, saker og utgreiingar. I tillegg er rapportar og utgreiingar frå tilsynssekrariatet, ekstern revisor og juridiske rådgivarar behandla.

Rapporten om tilsynet i 2012 gir ei oversikt over representantskapets aktivitetar, ressursbruk og metodiske tilnærming. Det blir gjort greie for tilsynet med hovudstyrets protokollar og rammeverk for styring og kontroll og for tilsynet med verksemda i banken. Representantskapet har halde øye med korleis banken har etterlevd rammeverket som gjeld for verksemda, spesielt Forskrift om risikostyring og intern kontroll i Norges Bank. Operativt er banken inndelt i sentralbankverksemda og Noregs Bank Investment Management (NBIM), og tilsynet med banken er beskrive etter ei tilsvarande inndeling.

Representantskapet har vedteke nytt budsjettreglement for Noregs Bank som gjeld frå og med budsjettåret 2013. Rapporten gjer greie for korleis bankens budsjett og rekneksapsrapportering blir behandla.

Tilsynet med kapitalforvaltninga har hatt høg prioritet. Hovudstyret og representantskapet har vidareutvikla eit styringsrammeverk for eigedomsinvesteringar i Statens pensjonsfond utland (SPU) som omfattar føresegner om opprettning av og tilsyn med datterselskap. Gjennom 2012 har representantskapet følgt med på korleis banken har bygd opp eigedomsporteføljen i SPU og behandla ei uavhengig attestasjonsfråsegn om vurderingar av styrings- og kontrollrammeverket for eigedomsinvesteringane.

Representantskapet har òg behandla ei attestasjonsfråsegn om vurdering av styringsrammeverket for IT-sikkerheit i NBIM.

Med utgangspunkt i aukande offentleg interesse for korleis verksemder tek samfunns- og miljøansvar, har representantskapet sett særskilt på måten NBIM har integrert slike omsyn i kapitalforvaltninga på.

Utviklinga i internasjonal økonomi har medført at representantskapet har hatt auka fokus på bankens rolle og ansvar innanfor pengepolitikk og finansiell stabilitet, mellom anna hovudstyrets tilpassingar i retningslinjer for valutareservane.

¹ Innstilling fra finanskomiteen om rapport fra Norges Banks representantskap for 2010 (Innst. 435 S (2010–2011), jf. Dokument 17 S (2010–2011)).

REPRESENTANTSkapets hovedkonklusjon

Gjennom tilsynet i 2012 har representantskapet fått alle dei opplysningane det har bedt om.

Representantskapet meiner at hovudstyret har hatt tilfredsstillande styring og kontroll med Noregs Bank. Verksemda er utøvd i samsvar med sentralbanklova, mandat og retningslinjer for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland og risikostyringsforskrifta.

Under behandlinga av fleire saker (for eksempel om dotterselskap, IT-sikkerheit og beredskap) har representantskapet understreka det viktige i at hovudstyret følger opp tiltak. I oppfølginga blir representantskapet involvert.

Tilsynet med drifta av Noregs Bank og etterlevinga av reglane for verksemda i banken har ikkje avdekt forhold som gir grunnlag for særskilde merknader etter sentralbanklova.

Hovudstyrets protokollar for 2012 er gjennomgått av representantskapet. Under behandlinga er det reist spørsmål ved enkeltsaker, og sentralbanksjefen har gitt tilfredsstillande utgreiingar. Representantskapet har ikkje protokollført særskilde merknader til hovudstyrets protokollar.

Representantskapet har vedteke bankens budsjett og fastsett bankens årsrekneskap for 2012. Det var ingen merknader til ressursbruken.



KAPITTEL 2

KORLEIS

REPRESENTANTSkapet GJENNOMFØRER TILSYN

REPRESENTANTSkapets rolle og ansvar

Etter Grunnlova § 75c skal Stortinget «(...) føre Opsyn over Rigets Pengervesen». Det er mellom anna representantskapet i Noregs Bank, som er oppnemnt av Stortinget, som tek hand om dette.

Representantskapet har etter sentralbanklova² mellom anna følgjande myndighet og hovedoppgåver: «*Representantskapet skal føre tilsyn med bankens drift og med at reglene for bankens virksomhet blir fulgt. Representantskapet skal herunder føre tilsyn med at hovedstyret har tilfredsstillende styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet, og med at det er etablert hensiktsmessige rutiner for å sikre at bankens virksomhet uteves i henhold til lov, avtaler, vedtak og rammeverk for øvrig.*

Etter sentralbanklova skal representantskapet ikkje føre tilsyn med «(...) hovedstyrets utøvelse av skjønnmyndighet etter loven».

«*Representantskapet fastsetter bankens årsregnskap og vedtar etter forslag fra hovedstyret dens budsjett.*

Representantskapet vel ekstern revisor, og vidare er det lovfesta at representantskapet skal ha eit sekretariat.

I sentralbanklova § 30 er det bestemt at representantskapet skal uttale seg til Stortinget minst éin gong i året og at rapporten «...) minst skal inneholde:

1. en redegjørelse for hvordan tilsynet med banken har vært organisert,
2. en redegjørelse for gjennomførte tilsynsaktiviteter og representantskapets prioriteringer i det videre tilsynsarbeidet,
3. en redegjørelse for tilsynet med bankens kapitalforvaltning,
4. representantskapets vurdering av hovedstyrets styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet,
jf. § 5 tredje ledd annet punktum,
5. en redegjørelse for representantskapets arbeid med vedtakelse av bankens budsjett og fastsettelse av regnskap,
jf. § 5 fjerde ledd annet punktum,
6. eventuelle særlige merknader som tilsynet måtte gi grunnlag for.»

² Lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova), sist endra 17. desember 2010. Representantskapets oppgåver er særskilt regulerte i §§ 5, 7, 8a, 30 og 30a.

Det er gjort greie for dei nemnde momenta i denne rapporten.

Etter forretningsordenen kan representantskapet fastsetje nærmare retningslinjer for banken innanfor sine spesifikke myndighetsområde.



Figur 1 viser styrings- og kontrollstruktur for Noregs Bank.

Noregs Bank forvaltar store verdiar og utfører viktige samfunnsoppgåver innanfor rammene sentralbanklova og mandatet for forvaltning av SPU i medhald av lov om Statens pensjonsfond. Tilliten til Noregs Bank er avhengig av eit effektivt og heilskapleg regime for styring, kontroll og tilsyn. Som øvste tilsyns- og kontrollorgan i banken har representantskapet eit særleg ansvar for å følge opp dette.

Ansvars- og rolledelinga mellom representantskapet, Noregs Banks eksterne revisor og Riksrevisjonen er beskriven og avklart gjennom stortingsbehandlinga av melding frå Regjeringa til Stortinget om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2010.³ På dette grunnlaget er det etablert ein formålstenleg dialog med Riksrevisjonen i samsvar med avtalte retningslinjer.⁴

³ Meld. St. 15 (2010–2011) Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2010.

⁴ Retningslinjer for informasjonsutveksling og koordinering av revisjon og tilsyn mellom Riksrevisjonen og representantskapet om SPU, undertekna 1. desember 2010.

FIGUR 1 STYRINGS- OG KONTROLLSTRUKTUR FOR NOREGS BANK**FIGUR 2** SAMLA ORGANISERING AV REPRESENTANTSkapET

KORLEIS REPRESENTANTSkapet er samansett og organisert

Representantskapet har femten medlemmer som blir valde av Stortinget for fire år. Blant medlemmene vel Stortinget leiar og nestleiar for to år. Det blir òg valt personlege varamedlemmer. Medlemmene av representantskapet har brei fagleg bakgrunn og erfaring frå sentrale delar av norsk samfunnsliv, offentleg forvaltning og næringsliv.

I vedlegg til rapporten er det gitt ei fullstendig oversikt over medlemmer og varamedlemmer i representantskapet for perioden 2012–2013, med funksjonstid. Relevant erfaringsbakgrunn er kort omtalt for kvar medlem.

Den faste komité er oppretta i samsvar med sentralbanklova. Komiteen er samansett av representantskapets leiar og nestleiar og tre andre medlemmer som representantskapet vel for to år. Arbeidsoppgåvene er å utarbeide og levere innstilling i saker som representantskapet behandler, men komiteen kan ikkje gjere vedtak. I perioden 2012–2013 sit Reidar Sandal (leiar), Frank Sve (nestleiar), Runbjørg Bremset Hansen, Monica Salthella og Reidar Åsgård i komiteen.

TILSYNSSEKRETARIATET

Tilsynssekreariatet har som sine hovudoppgåver å førebu saker for representantskapet, hjelpe til med å gjennomføre møta og vere rådgivings- og utgreiingsressurs. Det utfører tilsyns- og kontrolloppgåver på vegner av representantskapet i samsvar med fastsett instruks og godkjende tilsynsplana. Tilsynssekreariatet er fagleg og administrativt uavhengig av Noregs Bank. Direktøren for tilsynssekreariatet er tilsett av representantskapet, som òg fastset stillingsinstruks og vilkår.


Representantskapet vedtek årleg budsjett og ressursbruk for tilsynssekreariatet. I 2012 har tilsynssekreariatet hatt åtte tilsette (7,5 årsverk). Medarbeidarane har lang erfaring frå revisjon og tilsyn i Noregs Bank og har fagleg bakgrunn på områda økonomi, rekneskap, revisjon, finans, verksemderstyring og jus. I samband med enkelte tilsynsoppgåver og utgreiingar blir sekretariatet ved behov supplert med ressursar frå bankens eksterne revisor Deloitte AS i Noreg og internasjonalt eller frå andre fagmiljø. Frå 2012 er det inngått ein rammeavtale med eit større advokatfirma for å ha effektiv tilgang på juridisk spisskompetanse.

Tilsynssekreariatet forvaltar avtalen med ekstern revisor og utfører sekretariatsfunksjonar for representantskapet. Vidare fungerer tilsynssekreariatet som koordinator i samarbeidet mellom Noregs Bank, ekstern revisor og Riksrevisjonen.

EKSTERN REVISOR

Representantskapet har valt Deloitte AS som ekstern revisor frå 2010, og det er inngått ein engasjementsavtale for seks år. Avtalen omfattar revisjon av Noregs Banks årsrekneskap og delårsrapportering for SPU i tillegg til revisjon av årsrekneskapar for Noregs Banks pensjonskasse og andre verksemder i Noregs Bank. Revisjonen omfattar òg dotterselskap som banken eig. Vidare er Deloitte AS engasjert i ulike attestasjonsoppdrag og i enkelte tilsynsgjennomgangar i samarbeid med tilsynssekreariatet.

Figur 2 viser den samla organiseringa av representantskapet.

FIGUR 3 SAKSFORDELINGA I REPRESENTANTSkapET I 2012**TABELL 1** REPRESENTANTSkapETS RESSURSBRUK

BELØP I HEILE TUSEN KRONER	2012	2011
Representantskapet	2 821	2 378
Tilsynssekreteriatet	10 320	10 763
Deloitte AS, finansiell revisjon Noregs Bank inkl. SPU	12 792	12 392
Deloitte AS, attestasjonsoppdrag	3 635	2 480
Deloitte AS, annan konsulentbistand	845	1 646
Totalt	30 413	29 659

AKTIVITETAR OG RESSURSBRUK I REPRESENTANTSKAPET I 2012

Representantskapet har halde sju ordinære møte og eitt konstituerande møte i 2012. Den faste komité har gjenomført til saman tolv møte.

Figur 3 viser saksfordelinga i representantskapet. I alt er det behandla 93 saker, og i tillegg er 13 saker tekne til orientering. 77 prosent av sakene gjeld tilsyn med overordna forhold i Noregs Bank, sentralbankverksemda og kapitalforvaltninga. Dette er saker som er lagde fram av hovudstyret og faglege saker frå tilsynssekretariat og ekstern revisor. Arbeidet elles har omfatta administrative saker knytte til tilsynssekretariatet og representantskapets eiga verksemد.


I arbeidet held representantskapet seg fagleg oppdatert gjennom orienteringar frå fagområda i banken og diskusjonar mellom medlemmene under møta. I 2012 har det vore særleg interesse for utsiktene i norsk og internasjonal økonomi, spesielt den økonomiske situasjonen i Europa og Noregs Banks beredskap i den samanhengen. Det er også gjort greie for analysane bak hovudstyrets rentevedtak og utviklinga i finansmarknadene.

Representantskapet gjorde ei studiereise til Singapore hausten 2012. Formålet med reisa var å lære meir om internasjonal kapitalforvaltning, spesielt om kapitalmarknadene i Asia-regionen. I den samanhengen var det spesielt nyttig å ha møte med sentralbanken, den stadlege børsen og dei to statlege investeringsfonda i Singapore. Det var også viktig for representantskapet å få eit godt innblikk i forvaltningsverksemda ved NBIM-kontora i Singapore og Shanghai og det etablerte kontrollapparatet for å handtere operasjonelle risikoar i finansmarknadene. Møte med andre finansinstitusjonar og representantar for norsk næringsliv i Singapore gav verdifull oversikt over framveksande marknader i Asia og dei utfordringane ein opplever ved å drive forretningsverksemد i regionen.

Representantskapet hadde ein total ressursbruk i 2012 på 30,4 millionar kroner. Tabell 1 viser kostnadene fordelt på representantskapets eiga verksemد, tilsynssekretariatet og Deloitte AS. Om lag 80 prosent av kostnadene til Deloitte AS hadde med kapitalforvaltninga å gjere.

Stortinget fastset honorarsatsane for representantskapet. Med grunnlag i satsar gjeldande frå 2012 utgjorde samla utbetalt godtgjersle 699 500 kroner. Leiar og nestleiar hadde samla honorar på høvesvis 96 800 og 78 800 kroner for representantskapet og Den faste komité. Samla honorar til dei andre medlemmene i Den faste komité var 72 000 kroner og til dei andre medlemmene i representantskapet 23 600 kroner. Varamedlemmene har 3 900 kroner som årleg fast honorar og i tillegg 2 250 kroner per oppmøte.

I 2012 utgjorde utbetalt lønn til direktøren for tilsynssekretariatet 1 669 800 kroner. Dette innebar ei regulering på 3,8 prosent frå året før. Pensjonsopptening og verdi av andre fordeler utgjorde høvesvis 500 488 og 25 536 kroner. Direktøren tilset og fastset lønn for medarbeidarane i tilsynssekretariatet innanfor ei ramme som representantskapet fastset. Dei tilsette i tilsynssekretariatet er medlemmer av Noregs Banks pensjonskasse og er omfatta av personalordningane i banken.

FIGUR 4 TILSYNSPROSESEN FOR REPRESENTANTSkapET

METODISK TILNÄRMING FOR TILSYNSARBEIDET

Utgangspunktet for tilsynsarbeidet er at representantskapet fører tilsyn med korleis hovudstyret styrer og kontrollerer verksemda i banken. Representantskapets tilsyn byggjer på ei vurdering av risiko og kva som er vesentleg.

Hovudgrunnlaget for tilsynet er behandlinga av hovudstyrets protokollar og enkeltsaker i representantskapsmøta gjennom året. Representantskapet kan be hovudstyret om å leggje fram ytterlegare dokumentasjon og skriftlege utgreiingar. Vidare blir det behandla rapportar og utgreiingar frå tilsynssekreariatet og ekstern revisor i tråd med vedteken tilsynsplana eller ved særskilt behov. Ein gjennomgang eller ei utgreiing kan utførast av tilsynssekreariatet sjølv ved bruk av eigne ressursar, eventuelt av Deloitte AS eller annan ekstern ekspertise. Særskilde tema blir i tillegg utdjeta i seminar, på studiereiser eller ved presentasjonar i representantskapsmøta.

Deloitte AS legg fram ein årleg plan for revisjonsarbeidet til representantskapet. Det blir levert forenkla revisorfråsegn til bankens kvartalsrapportering for SPU. Revisormeldinga til bankens årsrekneskap blir levert til representantskapet i samband med behandlinga av bankens årsrekneskap. Etter avslutta revisjon blir det sendt ein årleg revisjonsrapport til hovudstyret og representantskapet.

Arbeidet til den eksterne revisoren er viktig for tilsynsoppgåvene som representantskapet utfører, og det er regelmessig fagleg kontakt mellom tilsynssekreariatet og Deloitte AS. Samspel og god kommunikasjon om vesentlege forhold knytte til arbeidet med verksemda i banken har høg prioritet.

Tilsynsprosessen for representantskapet er framstilt i figur 4.

Leiaren for representantskapet kallar inn til møte etter fastsett møteplan eller når minst fem medlemmer eller hovudstyret krev det (jf. sentralbanklova § 7 femte ledd). Representantskapet fattar vedtak i alle saker som er til behandling. Det samla tilsynet blir dokumentert gjennom protokollar og oppsummert i rapport til Stortinget. Protokollane frå møta blir oversende til Finansdepartementet og Riksrevisjonen.

Sentralbanksjefen og visesentralbanksjefen er med på møta med mindre representantskapet bestemmer noko anna eller med mindre dei har gyldig forfall. Andre medlemmer av hovudstyret kan også vere til stades og uttale seg så sant representantskapet ikkje bestemmer noko anna. Sentralbanksjefen kan utdjupe sakene. Han svarer på spørsmål under møta og kan i samband med dette ta med fagpersonar frå dei områda banken driv verksemد på. Ved behov blir konkrete saks- og fagområde supplerte med orienteringar og presentasjonar på møta. Som hovudregel er tilsette-representantane i hovudstyret til stades.

I representantskapsmøta held sentralbanksjefen ei orientering om aktuelle tema innanfor kjerneverksemda i banken og andre saker med særleg relevans for bankverksemda.

Hovudstyrets vurderinger, styring og oppfølging av risiko, medrekna internrevisjonens arbeid, er eit viktig utgangspunkt også for det tilsynet representantskapet driv. Representantskapet har likevel eit sjølvstendig ansvar for å gjere risiko- og vesentlegheitsvurderingar og prioriterer tilsynsarbeidet innanfor sitt mandat og dei forventingane Stortinget og onverda stiller. Dette er førande for den operative tilsynsplana og saklistene til møta i representantskapet.

Representantskapet prioriterer særleg å følgje med på område innanfor bankdrifta som kan medføre høg omdømmerisiko for banken. I forvaltninga av SPU er det på eit overordna nivå særleg fokus på avkastning, risikostyring og kontroll. Sikkerheit og beredskap vil alltid vere svært viktige område for Noregs Bank. I sentralbankverksemda er vesentlege risikoområde knytte til kvalitet og sikkerheit i kontantforsyninga, styring av valutareservane og oppgjersrutinar for mellomvære med norske bankar og staten.

I tillegg kan det bli sett eit særleg søkjelys på representantskapets tilsyn med hovudstyrets styring og kontroll dersom det hender noko som fører til betydelege menneskelege eller materielle tap, utilbørleg ressursbruk eller vesentlege brot på regelverk. Toleransen og terskelen for kva som er vesentleg, er låg ved hendingar som kan tilskrivast forsømming, uetisk åtferd og svake kontrollstrukturar og eventuelt manglande oppfølging frå hovudstyrets side.

Mange av dei største risikoane til banken er knytte til skjønnsutøving innanfor pengepolitikk, finansiell stabilitet og forvaltninga av SPU. Representantskapet skal ikkje føre tilsyn med korleis hovudstyret bruker skjønn. Det inneber at representantskapet ikkje uttaler seg om vedtak i hovudstyret om pengepolitikk eller om råd og høyningsfråsegner som blir gitt. Tilsynet med drifta av banken omfattar derimot organisasjonen og prosessane som dannar grunnlaget for skjønnsutøvinga.

Representantskapet har breitt innsyn i hovudstyrets protokollar og alle spørsmål som gjeld banken. I utgangspunktet er det opp til representantskapet å vurdere kor relevant informasjonen ein ber om, er for tilsynsansvaret. Det er etablert ein praksis med oversending av informasjon og utgreiingar i representantskapsmøta om saker som i utgangspunktet kan ha eit innhald som fell utanfor tilsynsansvaret til representantskapet. Eksempel på dette er pengepolitiske rapportar, kvartalsrapportar om finansiell stabilitet og årsrapport om betalingssystemet. Bakgrunnen for denne praksisen er at informasjonen gir representantskapet god innsikt i kjerneoppgåvene til banken og eit godt grunnlag for å utøve tilsynet med drifta og ressursbruken.

Det er etablert ein dialog mellom Finansdepartementet og representantskapet om innspel til konkrete problemstillingar i forvaltninga av SPU som departementet meiner det kan vere tenleg å dekkje gjennom representantskapets tilsyn. Ordninga er omtalt i forarbeida til endringar i sentralbanklova i 2009⁵. Gjennomgangane har hittil vore utførte av Deloitte AS som attestasjonsoppdrag etter internasjonalt anerkjende revisjonsstandardar. Rapportar frå gjennomgangane er sende til Finansdepartementet til orientering og offentleggjorde på internetsidene til banken. Gjennomføringa av attestasjonsoppdraga er nærmare omtalte i kapittel 6.

Tilsynssektariatet held seg mellom anna oppdatert om verksemda i Noregs Bank ved å gjennomgå styrande dokument, rapportar og andre saksdokument til møta i hovudstyret. Det blir òg halde utfyllande møte med

verksemderåda i banken. Når relevante saker er til behandling, kan direktøren for tilsynssektariatet vere til stades på møta i hovudstyret og revisjonsutvalet. Direktøren deltek på møta i Den faste komité og representantskapet og kan gi supplerande kommentarar til saker som blir behandla.

Særskilde tilsyns- og kontrollaktivitetar blir utførte i samsvar med ein årleg tilsynspland som representantskapet godkjenner. Planen er prioritert ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Tilsyns- og kontrollaktivitetane blir gjennomførte som dokumentbaserte tilsyn eller meir omfattande revisjons- og attestasjonsjennomgangar. Normalt tek tilsynet utgangspunkt i lover og rammer for bankens verksemd og hovudstyrets styrings- og kontrollprosessar. Arbeidet til tilsynssektariatet blir oppsummert i ein årsrapport til representantskapet. Det blir levert særskilde rapportar frå større gjennomgangar og attestasjonsoppdrag.

Dei seinare åra er det registrert auka offentleg interesse for rolla og oppgåvene til representantskapet. Openheit om arbeidet i representantskapet blir praktisert innanfor dei rammene og avgrensingane som mellom anna følger av sentralbanklova og anna relevant rammeverk for verksemda i banken. Teipliktføresegne i sentralbanklova gjeld for medlemmene. Leiaren for representantskapet avgjer i relevante situasjonar om det skal praktiserast unntak frå teiplikta eller meir offentlegheit.

Rapporten frå representantskapet til Stortinget er utforma med sikte på å gi eit breitt og heilskapleg bilet av arbeidet og vurderingane i representantskapet. Protokollane frå representantskapsmøta er i utgangspunktet opne, men sakspapira er ikkje offentlege.

⁵ *Otp. nr. 58 (2008–2009) Om lov om endringer i lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv. (ny regnskaps- og revisjonsordning mv.), pkt. 5.1 Gjeldende tilsyns- og kontrollordning*



TABELL 2 HOVUDLINJER FRÅ NOREGS BANKS BALANSE PER 31.12.

BELØP I HEILE MILLIONAR KRONER	2012	2011
Finansielle egedeler	321 202	340 887
Plasseringar for SPU	3 813 576	3 309 033
Andre egedeler	1 941	1 855
Sum egedeler	4 136 719	3 651 775
Innskot frå bankar o.a.	35 336	92 134
Innskot frå staten	130 783	81 673
Setlar og mynt i omløp	53 755	54 766
Anna gjeld	29 931	41 604
Innskot kronekonto SPU	3 813 576	3 309 033
Eigenkapital	73 338	72 565
Sum gjeld og eigenkapital	4 136 719	3 651 775

TABELL 3 DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER

BELØP I HEILE MILLIONAR KRONER	2012	2011
Forvaltningsgodtgjering Statens pensjonsfond utland	2 193	2 539
Andre driftsinntekter	113	129
Personalkostnader	-1 050	- 898
Andre driftskostnader	-1 924	- 2 361
Av- og nedskrivingar	-88	- 93
Sum andre driftskostnader	-3 062	- 3 352
Netto driftskostnader*	-756	-684

* Netto driftskostnader blir ikkje presenterte som ei hovudlinje i resultatrekneskapen for Noregs Bank

KAPITTEL 3

NOREGS BANKS ORGANISASJON OG VERKSEMD I 2012

Styringsmessig er Noregs Banks organisasjon inndelt i sentralbankverksemda og kapitalforvaltninga (NBIM). Verksemda er leidd frå Oslo, men banken har òg kontor i London, New York, Singapore og Shanghai og eit dotterselskap i Luxemburg.

Ved utløpet av 2012 (tal for 2011 i parentes) var det 660 (629) tilsette i Noregs Bank, derav 324 (314) i sentralbankverksemda og 336 (315) i NBIM. Tilsette ved kontora utanfor Noreg utgjorde 23 prosent (22 prosent) av alle tilsette i NBIM. Svært mange støtteaktivitetar er utkontrakte til eksterne leverandørar i Noreg og utlandet.

Tabellane 2 og 3 viser hovudlinjene frå bankens årsrekneskapsrapportering i 2012 med samanlikningstal frå 2011.

I tillegg til driftsinntekter og driftskostnader har Noregs Bank netto inntekter frå finansielle instrument som gav ein gevinst på 306 millionar kroner (10 188 millionar kroner). Endringar i aktuarmessige gevinstar og tap viser ein netto gevinst på 1 223 millionar kroner. Bankens årsrekneskap viser med dette eit totalresultat for verksemda på 773 millionar kroner i 2012.

Innskot på kronekonto for SPU viser den samla storleiken til fondet ved utgangen av året og utgjorde 3 814 milliardar kroner. Auken frå 2011 utgjer 505 milliardar kroner og er samansett av tilførsel frå staten på 279 milliardar kroner og samla positivt resultat av forvaltninga på 226 milliardar kroner. Avkastninga før tap på valuta viste ein gevinst på 447 milliardar kroner. Resultatet av forvaltninga påverkar ikkje bankens resultat og eigenkapital, men blir rekneskapsført direkte innanfor kronekontoen for SPU. Kostnadene med forvaltninga av SPU er dekte innanfor Finansdepartementets ramme for 2012 og utgjorde 2193 millionar kroner.

Informasjon om bankens verksemeld, forvaltning og resultat går elles fram av Noregs Banks årsmelding og årsrekneskap og av årsrapport om forvaltninga av SPU for 2012. Det er gjort nærmare greie for representantskapets behandling av årsrekneskapen i kapittel 7 i denne rapporten.

FIGUR 5 OVERORDNA RAMMEVERK FOR VERKSEMDA I NOREGS BANK

STORTINGET

- SENTRALBANKLOVA
- LOV OM STATENS PENSJONSFOND
- BETALINGSSYSTEMLOVA
- DEPONERINGSLOVA

FINANSDEPARTEMENTET
– REGULERINGER I
SAMSVAR MED LOV

- FORSKRIFT OM PENGEPOLITIKKEN
- FORSKRIFT OM NOTERING AV VALUTAKURSAR
- FORSKRIFT OM RISIKOSTYRING OG INTERN KONTROLL I NOREGS BANK
- FORSKRIFT OM ÅRSREKNESKAP M.M. FOR NOREGS BANK
- MANDAT FOR FORVALTNINGA AV STATENS PENSJONSFOND UTLAND
- FORSKRIFT OM LÅN OG INNSKOTT I NOREGS BANK M.M.
- ANDRE FORSKRIFTER OG DELEGERINGER

FIGUR 6 UTVALDE STYRANDE DOKUMENT FOR NOREGS BANKUTVALDE STYRANDE
DOKUMENT FOR VERKSEMDA
I NOREGS BANK,
FASTSETTE AV
REPRESENTANTSkapET
OG HOVUDSTYRET

- FORRETNINGSORDEN FOR REPRESENTANTSkapET
- REPRESENTANTSkapETS BUDSJETTREGLEMENT
- FORRETNINGSORDEN FOR HOVUDSTYRET
- HOVUDSTYRETS ØKONOMIREGLEMENT
- HOVUDPRINSIPP FOR RISIKOSTYRING I NOREGS BANK
- MANDAT FOR HOVUDSTYRETS REVISJONSUTVAL
- KOMMUNIKASJONSPRINSIPP I NOREGS BANK
- ARBEIDSREGLEMENT FOR NOREGS BANK
- ETISKE PRINSIPP FOR TILSETTE I NOREGS BANK
- HOVUDSTYRETS PRINSIPP FOR VARSLING I NOREGS BANK
- PRINSIPP FOR SIKKERHEIT, BEREDSKAP OG HANDTERING AV
KRISER I NOREGS BANK
- RETNINGSLINJER FOR PLASSERING AV VALUTARESERVANE
- INSTRUKS FOR INTERNREVISJONEN

KAPITTEL 4

TILSYN MED OVERORDNA STYRING OG KONTROLL

OVERORDNA RAMMEVERK FOR NOREGS BANK

Noregs Bank er eit eige rettssubjekt som er eigd av staten. Bankens oppgåver og styringsstruktur er primært regulert i sentralbanklova og mandatet for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland. Utdrag av overordna rammeverk for verksemda i Noregs Bank er skissert i figur 5.

I tillegg er drifta av banken regulert av lovgiving som gjeld for andre statlege verksemder, for eksempel offentleglova, arkivlova, lov om offentlege anskaffingar, sikkerheitslova med forskrifter, forvaltningslova og arbeidsmiljølova.

Verksemda er strukturert etter kjerneoppgåver og målsettjingar om å fremje prisstabilitet, finansiell stabilitet og ei effektiv og tillitvekkjande kapitalforvaltning.

For å føre tilsyn må representantskapet ha brei kunnskap om Noregs Banks verksemd og organisering og rammeverket for styring og kontroll. Nedanfor er det gitt ei overordna framstilling av organiseringa og verksemda i 2012. Meir utfyllande utgreiingar er å finne i Noregs Banks offisielle årsrapportar for 2012.

ETABLERT OVERORDNA STYRINGS- OG KONTROLLSTRUKTUR I NOREGS BANK

Hovudstyret har den utøvande og rådgivande makta etter sentralbanklova. Det leier verksemda i banken og forvaltar midlane.

Hovudstyret har sju medlemmer, som er oppnemnde av Kongen i statsråd. Sentralbanksjefen og visesentralbanksjefen er høvesvis leiar og nestleiar i hovudstyret. Av og blant dei tilsette blir det valt to medlemmer som supplerer hovudstyret når administrative saker skal behandlast.

Etter sentralbanklova skal hovudstyret «(...) sørge for forsvarlig organisering av, og etablere tilfredsstillende rammer, mål og prinsipper for, bankens virksomhet. Hovedstyret skal påse at bankens virksomhet, herunder regnskap og formuesforvaltning, er gjenstand for betryggende styring og kontroll. Hovedstyret skal føre tilsyn med bankens administrasjon og virksomhet for øvrig.»

Hovudstyret har eit revisjonsutval i samsvar med forskrift om risikostyring og internkontroll for Noregs Bank. I utvalet sit tre av dei eksterne medlemmene i hovudstyret. Utvalet er eit saksførebuande og rådgivande arbeidsutval som skal bidra til å styrke og effektivisere arbeidet i hovudstyret når det gjeld forvaltning og oppfølging i samband med finansiell rapportering, risikostyring, internkontroll og internrevisjon. Som sentrale delar av sine oppgåver skal utvalet førebu saker om finansiell rapportering og tilhøyrande kontrolltiltak og følgje opp internrevisjonens uavhengige stilling, planar og rapportering.

Banken har ein internrevisjon som er etablert i tråd med sentralbanklova. Internrevisjonen skal vurdere bankens internkontroll, rutinar og andre forhold som er viktige for verksemda i banken. Internrevisjonen rapporterer til hovudstyret via revisjonsutvalet.

Hovudstyret har òg eit kompensasjonsutval som er samansett av to av dei eksterne medlemmene i hovudstyret. Det er eit rådgivande utval og skal medverke til grundig og uavhengig saksbehandling i saker som gjeld lønns- og kompensasjonsordningane i banken.

Det er etablert etterlevingsfunksjonar som skal bidra til at lover, forskrifter og internt regelverk blir følgde.

Etter sentralbanklova kan hovudstyret deleger myndighet til sentralbanksjefen eller særskilde utval. Dette har hovudstyret gjort på ei rekke område i form av generelle fullmakter eller spesialfullmakter. Deleget myndighet blir følgd opp gjennom regulær rapportering til hovudstyret.

Det øvste partssamansette utvalet er arbeidsmiljø- og samarbeidsutvalet, som skal arbeide for gjennomføringa av eit forsvarleg arbeidsmiljø i Noregs Bank, jf. arbeidsmiljølova.

Hovudstyret fastset overordna styringsdokument som gir premissar og rammer for verksemda til banken. Dei viktigaste dokumenta er nemnde i figur 6 Utvalde styrande dokument for Noregs Bank. Dei blir utforma som prinsipp for heile Noregs Bank eller spesifikt for dei to verksemdsområda. Det blei vedteke nye etiske prinsipp for dei tilsette i 2011. Sentralbanksjefen og direktøren for NBIM har i 2012 fastsett nærmare reglar om dette for høvesvis sentralbankverksemda og NBIM. Vidare er det fastsett treårige

overordna strategiplanar for sentralbankverksemda og for kapitalforvaltninga som blir operasjonalisert gjennom årlege handlingsplanar.

Sentralbanksjefen er dagleg leiar for banken og skal etter sentralbanklova § 5 siste ledd «(...) forestå bankens administrasjon og gjennomføring av vedtakene». Hovudstyret har gjennom stillingsinstruks delegert myndigkeit for dagleg leiing av kapitalforvaltninga til direktøren for NBIM. Styringssystemet for sentralbankverksemda og kapitalforvaltninga er nærmare omtalt i høvesvis kapittel 5 og 6.

Det er sentralbanksjefen og direktøren for NBIM som er ansvarlege for å etablere styringsrammeverk, gjennomføre planleggings- og oppfølgingsprosessar og fastsetje interne styringsdokument. Styring av risikoar er integrert i verksemderstyringa. Det blir lagt vekt på å skape balanse mellom mål, risiko og kontrolltiltak for dei vesentlegaste prosessane i banken. Leiinga har prioritert tiltak som skal redusere risikonivået og har innført ein standardisert framgangsmåte for å rapportere periodiske oppdateringar av risikobiletet. Vesentlege risikoar blir òg følgde opp gjennom internrevisjonens arbeid og rapportering. Hovudstyret behandler samla halvårlege og årlege verksemderrapportar om status for handlingsplanar, risikostyring og internkontroll.

REPRESENTANTSkapETS GENERELLE OPPFØLGING

Representantskapet behandlar årsmeldingane og årsrekneskapane til Noregs Bank og andre tilknytte verksemder og har såleis god oversikt over verksemda. Hovudstyret har halde representantskapet orientert om endringar i det overordna styringsrammeverket gjennom året. Dette omfattar mellom anna nye etiske prinsipp for tilsette, retningslinjer for plassering av valutareservane, kommunikasjonsprinsipp og økonomireglement.

Andre saker har vore planar og budsjett med vurderingar av operasjonell risiko og handlingsplanar. Vidare er verksemderrapportar for sentralbankverksemda og NBIM, rapportar om risikostyring, internkontroll og etterleving og utvalde prosjektrapportar og årsrapport frå internrevisjonen behandla. Hovudstyret har lagt fram utgreiingar om oppfølging av sikkerheit og beredskap i Noregs Bank.

Når representantskapet skal føre tilsyn med drifta av banken, er det svært viktig at det er etablert gode rutinar for rapportering og oppfølging av uønskte hendingar. Gjennom si saksbehandling er representantskapet informert om korleis hovudstyret følgjer opp uønskte hendingar. Ein ser positivt på at rapporteringa på dette området er utvida i 2012. Generelt var det ein liten nedgang i talet på uønskte hendingar i fjor. Det er ikkje rapportert om hendingar som har vesentlege konsekvensar finansielt eller for omdømmet til banken, men det har vore nokre forstyrningar i IT-infrastrukturen. Representantskapet følgjer opp rapporteringa og får nødvendig tilleggsinformasjon frå sentralbanksjefen i møta.

Representantskapet er orientert om planane og rapportane til internrevisjonen. Det er ein etablert praksis at representantskapet får ei årleg utgreiing frå leiaren av revisjonsutvalet om verksemda i utvalet. Direktøren for tilsynssekretariatet har vore til stades i møta i hovudstyret og revisjonsutvalet når dei har drøfta saker som er relevante for representantskapet.

Gjennom tilsynsarbeidet har representantskapet fått dokumentasjon på at hovudstyret har gjennomført prosesser for oppdatering av overordna rammeverk for styring og kontroll. Vidare har representantskapet gjennom saksframlegg frå hovudstyret og utgreiingar frå sentralbanksjefen fått dokumentert at hovudstyret regelmessig følgjer opp måloppnåing, handlingsplanar, internkontroll og risikosituasjon i samsvar med rammeverket.

SÆRSKILDE SAKER OG FORHOLD I 2012

ETTERLEVING AV INTERNKONTROLLFORSKRIFTA

Finansdepartementet har fastsett *Forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank* (internkontrollforskrifta)⁶. Forskrifta utfyller føresegnene i sentralbanklova om hovudstyrets og sentralbanksjefens ansvar for styring av og kontroll med verksemda i banken. Hovudstyret har i samsvar med forskrifta fastsett hovedprinsipp for risikostyring for Noregs Bank.

Hovudstyret skal leggje fram for representantskapet ei samla vurdering av internkontrollen og risikosituasjonen minst éin gong i året. Banken har arbeidd vidare med å styrke styringsstrukturen og kontrollmiljøet, mellom anna den systematiske tilnærminga til operasjonell risikostyring og oppfylling av internkontrollforskrifta. Slik hovudstyret vurderer det, er risikosituasjonen for sentralbankverksemda akseptabel, og den operasjonelle risikoene i NBIM ligg innanfor den fastsette toleransegrensa.⁷

Representantskapet har teke hovudstyrets samla vurdering av risikosituasjonen til etterretning. Ein ser positivt på utviklinga av ei heilskapleg verksemderapportering der risikovurderingane er godt integrerte. Omtalen av risikoområde og vurderingar er blitt meir detaljerte, og det er lagt vekt på å få fram risikoreduserande tiltak. Det styrkjer forståinga av kompleksiteten i verksemda og grunnlaget for styring og kontroll.

Slik representantskapet ser det, er etterleving av krava i internkontrollforskrifta dokumentert og oppfylt i 2012. Representantskapet vil i det vidare arbeidet halde seg orientert om korleis hovudstyret følgjer opp risikoreduserande tiltak.

ORGANISERING OG ARBEID I INTERNREVISJONEN

Tilsynssekreteriatet har gått gjennom organiseringa og arbeidet i internrevisjonen jamført med internasjonale standardar.⁸

Internrevisjonen har til oppgåve å støtte hovudstyret i oppfølginga av bankverksemda ved å gi uavhengige vurderinger og råd om internkontrollen og risiko- og verksemderstyringa i banken. Sentralbanksjefen fyller rollene både som leiar av hovudstyret og øvste administrative leiar i Noregs Bank. I denne strukturen har revisjonsutvalet ei spesielt viktig oppgåve med å følge opp internrevisjonens arbeid og uavhengige stilling. Revisjonsutvalet og hovudstyret har ein grundig gjennomgang av internrevisjonens planar, arbeid og rapportar.

Gjennomgangen stadfestar at internrevisjonen er organisert og arbeider i samsvar med det formelle rammeverket, instruksen frå hovudstyret og anerkjende standardar for internrevisjon.

I rapporten frå tilsynsgjennomgangen er det gitt enkelte anbefalingar på område der organiseringa og arbeidet til internrevisjonen kan gjerast tydelegare og utviklast ytterlegare. Dette gjeld mellom anna kriteria for fastsetjing av revisjonsplan og den uavhengige rolla til internrevisjonen i forhold til verksemderområda i banken.

Representantskapet meiner at internrevisjonen er godt forankra i hovudstyret og er einig i anbefalingane i rapporten.

⁶ Forskrifta gjeld frå 1. januar 2010.

⁷ I 2010 fastsette hovudstyret ei toleranseramme for operasjonell risiko i NBIM. Kravet er at det i løpet av ein periode på tolv månader skal vere mindre enn 20 prosent sannsynleg at uønskte operasjonelle hendingar vil gi 500 millionar kroner eller meir i tap eller gevinst.

⁸ Institute of Internal Auditors (IIA): Etiske regler og standarder for profesjonell utovelse av internrevisjon.

Basel Committee: The internal audit function in banks og Principles for enhancing corporate governance.

European Banking Authority: EBA Guidelines on Internal Governance.

RUTINAR FOR VARSLING I NOREGS BANK

Under tilsynsgjennomgangen av arbeidet i internrevisjonen blei det sett sokjelys på rutinane for varsling. Noregs Banks hovudstyret har fastsett prinsipp for varsling slik at styrande organ kan få informasjon om kritikkverdige forhold i tilfelle der vanlege rapporteringslinjer ikkje kan brukast.

Dei etablerte varslingskanalane er ulike for sentralbankverksemda og NBIM. I sentralbankverksemda er internrevisjonen mottakar av eventuell varsling. Normal varslingskanal i NBIM er eininga for etterleving under leiing av direktøren for risikostyring, mens internrevisjonen er ankeinstans. Anerkjend praksis tilseier at varsling skal haldast utanom linja for å sikre størst mogleg sjølvstende, nøytralitet og anonym behandling.

Representantskapet slutta seg til anbefalingane etter gjennomgangen om at hovudstyret bør fastsette prinsipp om felles organisering av varslingsfunksjonen for å sikre at han er mest mogleg uavhengig av dei operative verksemdsområda.

Det er ikkje rapportert om varsling av kritikkverdige forhold i 2012.

SIKKERHEIT OG BEREDSKAP I NOREGS BANK

Sikkerheit og beredskap er kontinuerleg eit prioritert område i Noregs Bank. Verksemda i banken er underlagd sikkerheitslova. Nasjonalt tryggingsorgan fører tilsyn med banken på linje med andre offentlege verksemder som er omfatta av sikkerheitslova. Hovudstyret har fastsett prinsipp for sikkerheit, beredskap og handtering av kriser i Noregs Bank. Med basis i desse prinsippa har sentralbanksjefen fastsett verksemds-overgripande retningslinjer. Prinsippa varetok krav i sikkerheitslova og verneinstruksen, personopplysningslova og arbeidsmiljølova og nye offentlege rettleiingar og standardar for sikkerheit. Banken har fastsett ny overordna beredskapsplan med beskriving av kriseorganisasjon i Noregs Bank.

Overordna ansvar for sikkerheit og beredskap er samla i ei eiga beredskapsgruppe. Med unntak av fysisk sikkerheit har sentralbankverksemda og NBIM det operative ansvaret for sikkerheit og beredskap i eigne einingar.

Tilsynssektariatet har gjort ein gjennomgang der formålet var å gi representantskapet ei oversikt over kva hovudstyret har følgt opp, og kva prosesser det har sett i verk innanfor sikkerheit og beredskap.

Representantskapet fokuserer spesielt på trusselbiletet og har merkt seg at det er gjort grundige risiko- og sårbarheitsanalysar. Det er positivt at hovudstyret har eit kontinuerleg sokjelys på sikkerheit og beredskapsarbeid, og at banken arbeider på ein systematisk måte med utgangspunkt i prinsippa hovudstyret har fastsett.

Gjennom året har representantskapet behandla årleg rapportering om sikkerheit, verksemdsrapportar og hovudstyrets planar og budsjettframlegg og teke til etterretning at det er gjennomført tiltak og etablert planar for å styrke sikkerheita og beredskapen ytterlegare. I tillegg til ressursar som er løyvde gjennom ordinære budsjettvedtak, kan hovudstyret i ekstraordinære situasjonar dekkje kostnader for å sikre liv, helse og større verdiar utan at det ligg føre løyving. Det skal rapporterast til representantskapet etterpå.

REPRESENTANTSkapETS TILSYN MED UTKONTRAKTERT VERKSEMD

Noregs Bank har i betydeleg grad utkontraktert operative funksjonar, spesielt på IT-området, både i sentralbankverksemda og i NBIM.


Internkontrollforskrifta regulerer ansvar ved utkontrakteringar av verksemد:

«Norges Bank har ansvar for risikostyring og internkontroll også der deler av virksomheten er utkontraktert. Det skal foreliggje en skriftlig avtale som sikrer dette. Avtalen skal sikre at bankens organer gis rett til innsyn i og kontroll med utkontraktert virksomhet. Norges Bank skal sørge for at bankens organisasjon har tilstrekkelig kompetanse til å håndtere utkontrakteringsavtalen.»

Tilsynssektariatet har gått gjennom interne retningslinjer og prosessar for kontraktregulering av bankens rett til tilsyn og revisjon hos leverandørane. Det har i fleire år vore gjennomført tilsyn og revisjon hos leverandørane til banken i Noreg og utlandet. Dette viser at reguleringane i avtalane lèt seg praktisere på ein effektiv måte.

Gjennomgangen konkluderer med at dei juridiske avtalane sikrar representantskapet høve til å drive tilsyn og kontroll med utkontraktert verksemđ, noko representantskapet er tilfreds med.



FIGUR 7 ORGANISASJONSKART SENTRALBANKVERKSEMDA

KAPITTEL 5

TILSYN MED SENTRALBANKVERKSEMIDA

ETABLERT STYRINGS- OG KONTROLLSTRUKTUR

Sentralbankverksemda består av éi avdeling for marknader og banktenester, éi for pengepolitikk og éi for finansiell stabilitet. Desse arbeider med kjerneoppgåvene til sentralbanken. Ei større omorganisering i sentralbankverksemda blei gjennomført i 2012 for at bankens arbeid med pengepolitiske analysar og finansiell stabilitet skulle bli betre samordna.

I tillegg er avdelinga for konsern- og fellesfunksjonar og ulike stabsfunksjonar etablert med ansvar for mellom anna administrative støttefunksjonar og økonomi, rekneskapsrapportering og sikkerheit. Stabsfunksjonane tek seg av sekretariatsoppgåver for hovudstyret og skal mellom anna samordne styringsprosessar, risikovurderingar, etterleving og verksemdsrapportering. Jf. figur 7 Organisasjonskart for sentralbankverksemda.

REPRESENTANTSkapets GENERELLE OPPFØLGING

I tilsynet har representantskapet lagt vekt på å sjå til at hovudstyret set premissane for sentralbankverksemda og systematisk følger opp resultat, risikoar, etterleving av regelverk, hendingar og handlingsplanar.

Gjennom året har representantskapet fått dokumentasjon på at hovudstyret og sentralbankverksemda regelmessig vurderer styringsrammeverket, systematisk følger opp risikostyringa og resultata i verksemda og set i gang risikoreduserande tiltak.

Representantskapet konstaterer at det går for seg eit utviklingsarbeid når det gjeld styrings- og kontrollprosessar i sentralbankverksemda og at det er etablert ein sentral etterlevingsfunksjon.

SÆRSKILDE SAKER OG FORHOLD I 2012

NOREGS BANKS ROLLE OG ANSVAR I ARBEIDET MED PENGEPOLITIKK OG FINANSIELL STABILITET

Under gjennomgangen av hovudstyrets protokollar får representantskapet eit overordna innblikk i korleis hovudstyret vurderer situasjonen når det gjeld pengepolitikk og finansiell stabilitet. Sentralbanksjefen har hatt faste orienteringar om den økonomiske situasjonen og utfordringane for den finansielle stabiliteten på møta i representantskapet. Det er mellom anna orientert om bankens analysar, verkemiddel og beredskap for å møte finansiell uro.

Representantskapet får pengepolitiske rapportar og rapportar om finansiell stabilitet til orientering. I formål og innhald fell dei i utgangspunktet utanfor representantskapets direkte tilsynsområde, men dei gir viktig bakgrunnsinformasjon om oppgåvene og kjerneprosessane til banken.

Samla gir rapportane og utgreiingane god oversikt over komplekse problemstillingar og utfordringar som banken står overfor, og eit godt grunnlag for representantskapets tilsyn med drifta på desse områda.

NOREGS BANKS VALUTARESERVAR OG LÅNEAVTALE MED DET INTERNASJONALE VALUTAFONDET (IMF)

Valutareservane skal kunne brukast til transaksjonar i valutamarknadene som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken eller ut frå omsynet til finansiell stabilitet. Reservane er inndelte i ein pengemarknadsportefølje og ein langsiktig portefølje. I tillegg inngår ein petrobufferportefølje som har til formål å samle opp regelmessige kjøp av valuta for overføringar til SPU. Hovudstyret har fastsett mandat og retningslinjer for forvaltninga av portefoljene.

Pengemarknadsporteføljen og petrobufferporteføljen blir forvalta av avdelinga for marknader og banktenester, mens NBIM forvaltar den langsiktige porteføljen. Netto valutareservar var 264,5 milliardar kroner ved utgangen av 2012. Pengemarknadsporteføljen utgjorde 34,2 milliardar kroner, petrobufferporteføljen 5 milliardar kroner og den langsiktige porteføljen 225,3 milliardar kroner. I lys av finanskrisa har hovudstyret lagt vekt på å sikre likviditet i reservane.

Årsrapport og kvartalsrapportar om forvaltninga av Noregs Banks valutareservar, supplert med orienteringar frå banken, er behandla av representantskapet. Representantskapet konstaterer at hovudstyret jamleg følgjer opp valutareservane med omsyn til avkastning og risiko.

Etter godkjenning frå Stortinget blei det i oktober 2012 underteikna ein bilateral låneavtale mellom IMF⁹ og Noregs Bank. Låneavtalen inneber at IMF får ein lånetilgang i form av ein trekkrett på inntil 6 milliardar SDR¹⁰, som svarer til 51,4 milliardar kroner per 31.12.2012. Lånet er ein del av ein større internasjonal innsats for å sikre at Det internasjonale valutafondet har ressursar til å stette eit medlemslands moglege behov for kriselån. Ved utgangen av 2012 var det ikkje trekt på denne låneavtalen. Sjå elles omtale i bankens årsrekneskap for 2012.

NOREGS BANKS OPPGJERSSYSTEM

Noregs Bank utfører oppgjørstenester for bankane gjennom Noregs Banks oppgjersystem (NBO). Transaksjonar mellom bankar og overføringar mellom bankar og Noregs Bank blir gjorde opp med endeleg verknad når dei blir posterte på kontoane til bankane i NBO. Overføringane gjeld bruken av likviditetspolitiske tiltak, statlege betalingar, innskot og uttak frå norske bankar og Noregs Banks eiga drift. Gjennomsnittleg omsetning per dag i 2012 var rundt 216 milliardar kroner.

Drifta av NBO er utkontraktert til ein større leverandør av IT-tjenester i Noreg. Det er ikkje rapportert om brot i drifta av oppgjersystemet eller tilgangen for kjernesistema. Kontrollrutinane hos leverandøren blir dokumenterte i årlege revisjonsrapportar som blir sende til alle kundar.

Internrevisjonen har i 2012 gått gjennom systemet for sikkerheit for lån som blir brukt for å rekne ut kor mykje bankane kan låne i Noregs Bank. Gjennomgangen stadfestar at regelverket for lånesikkerheit er implementert. Styring og internkontroll knytt til prosessane som leier

fram til godkjenning av verdipapir, er formålstenleg utforma og gjennomført. Representantskapet er orientert om internrevisjonens rapport og om hovudstyrets endringar i 2012 i *Forskrift om bankers adgang til lån og innskudd i Norges Bank mv.*

Vidare har representantskapet behandla årsrapporten frå banken om oppgjerssystemet og er orientert om vesentlege driftsmessige hendingar gjennom året.

Representantskapet finn at banken har etablert tilfredsstilande oppfølging og at det blir arbeidd målretta med risikoreduserande tiltak på dette området.

STATENS INNSKOT I NOREGS BANK

Ved utlopet av 2012 utgjorde statens innskot i Noregs Bank 131 milliardar kroner, og det blei utbetalt 642 millionar kroner i renter.

Det er inngått ein avtale mellom Finansdepartementet og Noregs Bank som regulerer drift og forvaltning av statens kontoar. Arbeid som banken gjer etter avtalen, skal utførast i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten og retningslinjer for oppgjerskontoar i konsernkontosystemet.

Internrevisjonen har i 2012 gått gjennom forvaltninga av statens konsernkonto for å vurdere om det er etablert tenlege prosessar og kontrollar for oppgåvene til banken. Etter internrevisjonens vurdering er det etablert robuste rutinar og kontrollar knytte til den daglege tenesteleveransen.

Etter avtalen skal det leverast ei årleg attestasjonsfråsegn om Noregs Bank oppfyller bestemte krav i avtalen. Fråsegn omfattar mellom anna vurderingar av kontrollrutinar og krav til sikkerheit og beredskap. For 2012 leverer Deloitte AS ei attestasjonsfråsegn til representantskapet som blir send vidare til Finansdepartementet.

Etter representantskapets vurdering har banken tilfredsstillande styring av og kontroll med statens innskot.

⁹ IMF har som mål å fremje samarbeid om det internasjonale monetære systemet, bidra til finansiell stabilitet, støtte opp om internasjonal handel og bidra til høg sysselsetting, berekraftig økonomisk vekst og redusert fattigdom verda rundt.

¹⁰ Spesielle trekkrettar (SDR) er ein internasjonal reserve skapt av IMF i 1969. Verdien av SDR blir utrekna frå ei valutakorg. Kurs per 31.12.2012 var 1 SDR tilsvarende 8,57 NOK.

**TILSYN MED NOREGS BANKS ANSVAR SOM UTFERDAR
AV SETLAR OG MYNTAR, MEDREKNA BEHALDNINGANE****I BANKEN**


Noregs Bank har ansvaret for å utferde pengesetlar og myntar og skal mellom anna fastsetje pålydande og bestemme utforminga. Vidare har sentralbanken eit ansvar for å sikre at samfunnet har tilgang på og nødvendig tillit til kontantar som betalingsmiddel og å fremje eit effektivt samla betalingssystem. Representantskapet har tradisjonelt lagt stor vekt på bankens oppgåver og ansvar på setel- og myntområdet på bakgrunn av høg ibuande risiko for forsømning og låg toleransegrense for feil.

NOKAS AS driv fire av fem sentralbankdepot etter inngått kontrakt. Noregs Bank har i 2012 overteke drifta av sentralbankdepotet i Oslo. Det norske Myntverket AS utfører all produksjon av norsk sirkulasjonsmynt og minnemynt etter avtale for perioden 2009–2013. Det er produsert og levert norske setlar frå to setelprodusentar i høvesvis Frankrike og Storbritannia etter avtale som gjeld for 2007–2012. Representantskapet er orientert om at avtalen er vidareført med setelprodusenten i Frankrike, og at ny avtale er inngått med ein produsent i Tyskland fram til 2019. Det er òg orientert om igangsetjing av eit forprosjekt for å vurdere ein ny setselserie.

Tilsynssekreariatet gjennomfører faste årlege tilsynsoppgåver på dette området, mellom anna ved å følge med på bankens styring av avtaleforhold. Vidare blir det gjennomgått rapportar frå bankens kontrollar med behaldningar hos leverandørar, leveransar av nye setlar og myntar og lagerstyring og behaldningar i sentralbankdepot.

Representantskapet behandler bankens halvårlege rapportar om setlar og myntar og anna rapportering på området og er tilfreds med at det ikkje er rapportert om svakheiter eller hendingar i etablerte rutinar i 2012.

Representantskapet meiner at banken har tilfredsstillande styring og kontroll når det gjeld utfording av setlar og myntar.

FIGUR 8 ORGANISASJONSKART NBIM**FIGUR 9** UTVALDE STYRANDE DOKUMENT FOR VERKSEMDA I NBIM

KAPITTEL 6

TILSYN MED KAPITALFORVALTNINGA

ETABLERT STYRINGS- OG KONTROLLSTRUKTUR

NBIM er organisert med tre investeringsområde og avdelinger for gjennomføring av verdipapirhandlar, operasjonell drift og IT, risikostyring og stabs- og administrasjonsfunksjonar.

NBIM driv hovedtyngda av verksemda si frå Oslo. I tillegg har NBIM verksemd ved fire kontor utanfor Noreg for å støtte investeringsaktiviteten i ulike tidssoner og vere nærmarknadene det blir investert i. Eigedomsinvesteringar i kontinental-Europa blir administrerte av datterselskapet NBIM S.à r.l., som er lokalisert i Luxembourg.

Jf. figur 8 Organisasjonskart for NBIM.

Gjennom året er det gjort nokre organisatoriske endringar i den etablerte strukturen. Mellom anna blei oppgåvane i den tidlegare avdelinga for eigarskapsutøving omorganiserte, og ein ny struktur for aktiv eigarskap i investeringsprosessen er under etablering. Det har vore justeringar i mandatet for SPU som omfattar referanseindeksar, miljørelaterte mandat og universet for investeringar. NBIM har arbeidd med å tilpasse verksemda si til dette.

Hovudstyret fastsette i 2011 revidert struktur for styrande dokument i NBIM. I den samanhengen blei det òg fastsett prinsipp for organisering og leiding i NBIM, og stillingsinstruks og investeringsmandat for direktøren for NBIM blei oppdatert. Rammeverket er justert og videreført i 2012. Ei oversikt over utvalde styrande dokument for verksemda i NBIM er vist i figur 9.

Direktøren for NBIM fastset styringsrammeverk for verksemda som òg omfattar strukturen for risikostyring og internkontroll. Den globale og komplekse kapitalforvaltningsverksemda har ein ibuande risiko for operasjonelle feil og hendingar. Konsekvensane av operasjonelle feil kan ha økonomisk effekt eller påverke omdømmet. Det er etablert interne kontroll- og etterlevingsfunksjonar som overvaker og følger opp operasjonelle risikoar og etterlevinga av lover, forskrifter og internt regelverk.

Hovudstyret behandler kvartalsrapportar om utviklinga i avkastning og risiko. Vidare blir det kvartalsvis rapportert om operasjonell risikostyring, operasjonelle hendingar og

etterleving av mandat og regelverk. Vesentlege brot på mandatet for forvaltning av SPU og andre relevante operasjonelle hendingar blir rapporterte til Finansdepartementet. Eventuelle brot på Finansdepartementets mandat og retningslinjer blir òg omtalte i dei offisielle kvartalsrapportane og årsrapporten for SPU.

Kvart kvartal behandler hovudstyret offisielle rapportar om forvaltninga. Rekneskapsrapporteringa følger krava i internasjonale rekneskapsstandardar og inneholder betydeleg informasjon om risiko. Bankens metode for avkastningsmåling byggjer på Global Investment Performance Standard (GIPS) og blir årleg verifisert av eit eksternt konsulentelskap.

INVESTERINGA I EIGEDOM

I mars 2010 fekk Noregs Bank mandat til å investere inntil 5 prosent av porteføljen i SPU i eigedom utanfor Noreg. Obligasjonsdelen i porteføljen, som var på 40 prosent, blir redusert tilsvarende. Samla verdi av eigedomsinvesteringar ved utgangen av 2012 svarte til 0,7 prosent av total forvalta portefølje i SPU.

I løpet av året er det gjort eigedomsinvesteringar i Storbritannia, Tyskland og Sveits. Det er ved utgangen av 2012 investert i til saman sju eigedomsstrukturar i Europa og inngått avtale om kjøp av 50 prosent av eit selskap som eig logistikkeigedommar i elleve europeiske land.

For å vareta forretningsmessige og skattemessige omsyn er eigedomsinvesteringane organiserte gjennom datterselskap eigde av Noregs Bank. Selskapsstrukturane er med på å verne aktiva i sentralbanken mot krav som kan oppstå gjennom investeringane. Denne organiseringa er regulert i forvaltningsmandatet¹¹ og omtalt i Regjeringa sine meldingar til Stortinget for Statens pensjonsfond i 2010 og 2011.

Strategien for SPU er å vere finansiell investor, og investeringane er i hovudsak gjorde i samarbeid med partnarar som står for driftsmessig forvaltning av eigedommane. For investeringane i kontinental-Europa er holdingselskapet NBIM S.à r.l etablert i Luxembourg. Holdingselskapet etablerer ulike aksjeselskap med særskilde formål (*special*

¹¹ Forvaltningsmandat for SPU § 4-3. (3) Banken kan foreta investeringene i eiendomsporteføljen gjennom norske eller andre juridiske personer.

FIGUR 10 SELSKAPSSTRUKTUR VED INVESTERING I EIGEDOM

purpose vehicle, SPV) som i samarbeid med ein medinvestor etablerer eit fellesføretak (*joint venture-selskap*) for å investere i eigedomsselskap. Eigarstrukturen varierer med investering og marknad. Ein typisk eigarstruktur er illustrert i figur 10 Selskapsstruktur ved investering i eigedom.

Rapportering frå verksemda i NBIM S.à r.l inngår i anna kvartalsvis og årleg rapportering om forvaltninga av SPU. Meir om eigedomsinvesteringane går fram av årsrapportane til Noregs Bank.

REPRESENTANTSkapets generelle oppfølging

I 2012 har representantskapet hatt til behandling fleire saker som ledd i tilsynet med hovudstyrets styring og kontroll med NBIM. Det ser til at hovudstyret set premissane for kapitalforvaltninga og systematisk følgjer opp resultat, risiko, etterleving av regelverk, hendingar og handlingsplanar. Representantskapet er orientert om hovudstyrets behandling av investeringsmandat for SPU og stillingsinstruks til direktøren for NBIM. Vidare er periodiske rapportar innanfor forvaltninga av SPU og valutareservane behandla. Andre saker har mellom anna vore verksemderapportar, kvartalsvise rapportar om avkastning, risiko og operasjonell risikostyring og utvalde prosjektrapportar frå internrevisjonen.

Representantskapet har merkt seg at nivået på den operasjonelle risikoeksponeringa har vore innanfor hovudstyrets definerte operasjonelle risikotoleranse gjennom heile 2012. Det har fått dokumentasjon på at hovudstyret og NBIM regelmessig vurderer styringsrammeverket og systematisk følgjer opp resultat, risikoar og uønskte hendingar i verksemda. Finansielle tap som følge av hendingar er rapporterte til å vere på same nivå som året før. Samtidig kan ein konstatere at det framleis er operasjonelle utfordringar knytt til drifta av IT-systema i NBIM. Representantskapet er tilfreds med at hovudstyret har fokus på utfordringane og etableringa av ei ny IT-plattform.

Det er positivt at NBIM i rapporteringa til hovudstyret om etterleving og operasjonelle hendingar også tek med datterselskap. Det medverkar til å sikre ei konsistent og transparent rapportering av alle vesentlege hendingar i verksemda.

SÆRSKILDE SAKER OG FORHOLD I 2012

ATTESTASJONSOPPDRAG OM RISIKOSTYRING

I FORVALTNINGA AV STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Representantskapet vedtok i 2009 ein plan for attestasjonsoppdrag med fokus på operasjonell risikostyring i forvaltninga av SPU etter innspeil frå Finansdepartementet. Oppdraga blir utførte av Deloitte AS i samråd med tilsynssekreteriatet. Det blir gitt uavhengig attestasjonsfråsegn til representantskapet for kvart oppdrag etter internasjonale revisjonsstandardar¹². Gjennomgangane omfattar vurderinger av internkontrollsystemet, risikostyringa o.a. i forvaltninga av SPU¹³ og er viktige for gjennomføringa av tilsyn og kontroll med verksemda i banken.

Fem delprosjekt er gjennomførte og omtalte i representantskapets tidlegare rapportar til Stortinget. Følgjande områder er dekte (år for gjennomføring i parentes):

- Organisasjonsstruktur og leiingkontroller (2009)
- Operasjonell risiko og intern kontroll (2009)
- Oppfølging av eksterne forvaltarar (2010)
- Tilførsel av midlar og eksponering i forhold til vald referanseportefølje (2010)
- Rammeverk for vurdering av motpartsrisiko (2011)
- Kontrollrammeverket for eigedomsinvesteringar (2012)
- Styring av og kontroll med IT-sikkerheit i NBIM (2012)

I tilsynsplanen for 2013 er det planlagt ein gjennomgang av rammeverket for risikostyring i den aktive forvaltninga av SPU.

¹² Internasjonal standard for attestasjonsoppdrag frå International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB) ISAE 3000. Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon.

¹³ Jf. Ot.prp. nr. 58 (2008–2009) Om lov om endringer i lov 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv.

KONTROLLRAMMEVERKET FOR EIGEDOMSINVESTERINGAR I NBIM

I samband med drøftingar i representantskapet ved opprettinng av datterselskapet NBIM S.à r.l blei det innhenta to eksterne juridiske vurderingar. Gjennom desse vurderingane blei representantskapets rolle i samband med oppretting av og tilsyn med datterselskap klargjord. Representantskapet har myndighet til å godkjenne oppretting av selskap som blir omfatta av sentralbanklova § 8a.¹⁴ Vidare fører representantskapet tilsyn med verksemda i datterselskapa.

Representantskapet har fastsett retningslinjer der det mellom anna er krav om at bankens eksterne revisor skal veljast som revisor i datterselskapa til banken.

Hovudstyret har i 2012 fastsett prinsipp om praktisering av sentralbanklova § 8a. Det er også fastsett korleis tvilstilfelle skal behandles. Etter representantskapets vurdering bidreg dei fastsette prinsippa til å sikre at sentralbanklova blir varetaken på dette området. Med bakgrunn i at vurderingane i betydeleg grad byggjer på skjønn, har representantskapet understreka det viktige i at tvilstilfelle blir lagde fram for styrande organ.

I 2012 har Deloitte AS gjennomført eit attestasjonsoppdrag knytt til utforming og implementering av kontrollrammeverket for eigedomsinvesteringar. Gjennomgangen omfattar hovudstyrets styrings- og kontrollrammeverk og NBIMs risikostyring og kontrollstruktur. Det er spesielt sett på prosessar for investeringsvedtak, medrekna vurderingar av eigedommar og samarbeidspartnarar (*due diligence*). Vurderingane er gjennomførte med utgangspunkt i mandatet for SPU, internasjonale standardar og erfaring med praksis fra

¹⁴ Sentralbanklova § 8a. *Egne foretak*

«Representantskapet kan etter forslag fra hovedstyret bestemme at produksjon av pengesedler og mynter eller annen forretningmessig virksomhet som faller inn under denne loven, skal uteses av selskap som banken helt eller delvis eier. Hovedstyret representerer banken som eier i slike selskaper.»

Representantskapet fører tilsyn med selskap som nevnt i første ledd, og har rett til å kreve de opplysninger fra selskapets daglige leder, styret og den valgte revisor som er nødvendig for tilsynet. I den utstrekning det er nødvendig, kan representantskapet selv foreta undersøkelser i selskapet. Representantskapet skal varsles før generalforsamlingen i selskapene og har rett til å være tilstede på generalforsamlingen.»

eigedomsbransjen. I gjennomgangen er også organisasjonens kompetanse i Oslo og London vurdert.

I rapporten viser Deloitte AS til det viktige i at NBIM vidareutviklar og styrker rammeverket for risikostyring og kontroll av eigedomsinvesteringar i takt med endringar i investeringsprofilen. Rapporten konkluderer med at rammeverket for risikostyring og kontroll av eigedomsinvesteringar, gitt dagens nivå på investeringane, i det alt vesentlege er utforma i samsvar med målekriteria. Vidare er rammeverket implementert slik det er utforma i dag. Attestasjonsfråsegna er behandla av representantskapet og gjord offentleg i samband med oversending til Finansdepartementet.

Representantskapet konstaterer at rapporten ikkje har avdekt svakheiter i NBIMs organisasjon og kontrollrammeverk for forvaltninga av eigedomsinvesteringar. Samtidig vil ein framheve betydinga av at organisasjonen og kontrollrammeverket blir vidareutvikla i takt med omfanget av eigedomsinvesteringar.

STYRING AV OG KONTROLL MED IT-SIKKERHEIT

Deloitte AS har gjennomført eit attestasjonsoppdrag for vurdering av utforming og implementering av hovudstyrets og NBIMs styring av og kontroll med IT-sikkerheit.

Hovudstyret og sentralbanksjefen har fastsett verksemds-overgripande prinsipp og retningslinjer for sikkerheit, beredskap og handtering av kriser i Noregs Bank som omfattar styringa av IT-sikkerheit. Retningslinjene regulerer at styringssystemet for IT-sikkerheit i Noregs Bank skal baserast på internasjonale standardar på området.¹⁵

I rapporten går det fram at NBIM i 2012 har gjennomført endringar i organisering og prosessar på området. Dette har medført at styringsmodellen for IT-sikkerheit er gjort tydeleg og er blitt betre forankra på leiingsnivå. Med desse organisatoriske endringane meiner Deloitte AS at styring og kontroll med IT-sikkerheit i NBIM i det vesentlege er

¹⁵ Information technology – Security techniques – Information security management (ISO/IEC 27001) er ein nasjonalt og internasjonalt anerkjend standard som angir god praksis for styring av og kontroll med IT-sikkerheit. Standarden er publisert i fellesskap av International Organization for Standardization (ISO) og International Electrotechnical Commission (IEC).

utforma i samsvar med formelt rammeverk og anerkjend standard på området. Deloitte AS har ikke hatt godt nok grunnlag for å vurdere implementeringa av ein del av dei seinare endringane. Elles blir det stadfesta at styring av og kontroll med IT-sikkerheit er implementert i organisasjonen i samsvar med utforminga.

Attestasjonsfråsegna frå gjennomgangen er behandla av representantskapet og gjord offentleg i samband med oversending til Finansdepartementet.

Representantskapet vil passe på at hovudstyret følgjer opp implementering av styringsmodellen for IT-sikkerheit i NBIM.

ENDRINGAR I MANDAT FOR FORVALTNINGA AV SPU

Mandatet frå Finansdepartementet blei endra med verknad frå 29. juni 2012. Referanseindeksen i aksjeporføljen fekk endra vekting mellom Europa, USA og Canada, andre utvikla marknader og framveksande marknader (jf. mandatet § 3-3). Hovudstyret har følgt opp endringane og gjort tilpassingar i investeringsmandatet til direktøren for NBIM.

Etterlevingsfunksjonen i NBIM har system for å avdekkje og følgje opp eventuelle brot på retningslinjene. I tillegg til etterleving av Finansdepartementets mandat og retningslinjer omfattar oppfølginga retningslinjer gitt av hovudstyret og eksterne marknadsreguleringar. Eventuelle brot blir omtalte i kvartalsrapportar til hovudstyret som blir oversende til representantskapet. Vesentlege brot på retningslinjene for forvaltninga av SPU blir rapporterte til Finansdepartementet i samsvar med fastsett prosedyre. Vurderingar av etterleving inngår òg i stor grad i internrevisjonens gjennomgangar.

Representantskapet har gjennom året fått godt dokumentert og stadfesta at hovudstyret har følgt opp etterleving av mandatet for forvaltninga av SPU. Det ligg ikkje føre rapportar om vesentlege brot på forvalningsmandatet. Elles har representantskapet følgt med på tilpassinga til endringar i rammeverket.


OPENHEIT I OFFENTLEG RAPPORTERING OG INFORMASJON OM SPU

Forvaltninga av SPU har stor offentleg merksemd, og det er føresett og forventa at Noregs Bank viser stor grad av openheit innanfor dei rammene som er sette for ei forsvarleg gjennomføring av forvaltninga. Dette er lagt vekt på i Stortingets behandling av saker som gjeld SPU og regulert i Finansdepartementets mandat for forvaltninga.

Hovudstyret har fastsett kommunikasjonsprinsipp for Noregs Bank i mai 2012. Formålet med prinsippa er å sikre at alle delar av verksemda kommuniserer heilskapleg og samstemt. Prinsippa skal danne grunnlag for å fastsetje verksemdstilpassa strategiar, planar og tiltak. NBIM har operasjonalisert prinsippa i form av ein kommunikasjonsstrategi som òg varetok relevante og grunnleggjande prinsipp i statens kommunikasjonspolitikk.

Tilsynssektariatet har gått gjennom krav og standardar som gjeld for Noregs Banks offentlege rapportering og openheit om forvaltninga av SPU og vurdert bankens implementering av dei. Det er òg gjort ei samanlikning med fond det er naturleg å samanlikne seg med. Rapporten frå gjennomgangen stadfestar at informasjonen som blir offentleggjord, dekkjer krava i relevante lover og mandatet frå Finansdepartementet.

Representantskapet konstaterer at Noregs Bank praktiserer stor grad av openheit rundt forvaltninga av SPU og kjem godt ut i nasjonale og internasjonale samanlikningar. Banken har videreført høg grad av openheit i ekstern rapportering av hendingar og operasjonell risikostyring, og representantskapet ser positivt på dette.

FIGUR 11 OPPFØLGING AV ANSVARLEG INVESTERINGSVERKSEMD I SPU

ANSVARLEG INVESTERINGSVERKSEMD

Det er aukande merksemrd i Noreg og internasjonalt om bedrifters samfunnsansvar og den rolla eigarane kan spele i denne samanhengen. Ansvarleg investeringsverksemd er omtalt i fleire stortingsmeldingar om Statens pensjonsfond. Finansdepartementet har i 2010 sagt dette om ansvarleg investeringsverksemd i praksis¹⁶:

- Hensyn til god selskapsstyring, miljø og samfunnsmessige forhold i investeringsvirksomheten kan integreres både på strategisk og operasjonelt nivå. Norges Bank har i oppdrag å ta slike hensyn i betraktning i den operative forvaltningen:

«Banken skal integrere hensyn til god selskapsstyring, miljø og samfunnsmessige forhold i investeringsvirksomheten, i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipper for ansvarlig investeringsvirksomhet. Integrering av disse hensynene skal skje under hensyn til fondets investeringsstrategi og rollen som finansiell forvalter. Ved utøvelsen av forvalteroppdraget skal banken vektlegge fondets lange tidshorisont for investeringene og at de er bredt plassert i de markedene som ingår i investeringsuniverset.»

Berekraftig økonomisk utvikling blir avgjerande for avkastninga i SPU på lang sikt. Mandat og retningslinjer for forvaltninga regulerer at fondet skal ha som mål å oppnå høgast mogleg avkastning og samtidig følgje ein ansvarleg investeringspraksis. Det er også vist til FNs Global Compact og OECDs retningslinjer, som omfattar prinsipp som byggjer på internasjonale konvensjonar om menneskerettar, arbeidsforhold, miljø og korupsjon.

Det er etablert ei ansvars- og arbeidsdeling mellom Finansdepartementet, Etikkrådet og Noregs Bank på dette området. Finansdepartementet har gjennom mandat og retningslinjer øg fastsett reglar for utelukking av selskap eller sektorar. Hovudstyret har gitt føringer i investeringsmandatet for direktøren for NBIM. Noregs Banks utøving av ansvarleg investeringsverksemd er ein viktig faktor når det gjeld korleis forvaltninga av SPU blir oppfatta.

Innanfor ansvarleg investeringsverksemd har banken konsentrert seg om områda vassforvaltning, klimaendringar,


barns rettar, velfungerande finansmarknader, likebehandling av aksjonærar og styrets rolle og ansvar. På desse områda har NBIM med forankring i hovudstyret publisert dokument som uttrykkjer forventningar til korleis selskapa skal handtere miljømessig og samfunnsmessig risiko i si verksemd. Det er også utarbeidd interne retningslinjer for investeringsanalysar, stemmegiving og selskapsoppfølging som ein del av eigarskapsutøvinga. Organiseringa av forvaltninga av SPU og rapporteringsstrukturen som varetek oppfølginga av ansvarleg investeringsverksemd, er framstilt i figur 11.

Tilsynssekreariatet har gjort ein overordna gjennomgang av ansvarleg investeringsverksemd og hovudstyrets oppfølging gjennom året. Det blei konstatert at banken i tråd med rammeverket frå Finansdepartementet har etablert interne retningslinjer for området. NBIM har i 2012 gjennomført ei omorganisering for å styrke det faglege grunnlaget og integreringa av arbeidet med ansvarleg investeringsverksemd i forvaltninga. Det er vidare identifisert enkelte forbettingspunkt for den operative gjennomføringa, og NBIM har sett i verk tiltak for å imøtekomme anbefalingane.

Elles har representantskapet følgt utviklinga av den ansvarlege investeringspraksisen i NBIM gjennom behandlinga av bankens interne og offentlege rapportering.

Representantskapet ser positivt på dei endringane som er gjennomførte for å betre integreringa av krava til ansvarleg investeringsverksemd i forvaltninga. Bankens arbeid med ansvarlege investeringar vil bli følgt opp framover. Som ein del av representantskapets oppfølging vil det bli utført ein tilsynsgjennomgang av hovudstyrets styring av og kontroll med ansvarleg investeringsverksemd og bankens rapportering i 2013.

¹⁶ SPU ansvarlige investeringer, Brosyre/rettleieing publisert av Finansdepartementet 2.3.2010.



KAPITTEL 7

NOREGS BANKS BUDSJETT OG REKNESKAP

ETABLERTE BUDSJETT- OG REKNESKAPSPOSESSAR

I samsvar med sentralbanklova og budsjettreglementet fastsett av representantskapet utarbeider hovudstyret kvart år forslag til budsjett for Noregs Bank. Budsjettet blir vedteke av representantskapet. Ansvaret til representantskapet er knytt til kontroll med og godkjenning av den totale ressursbruken i banken. I budsjettbehandlinga blir det sett til at det er lagt fram forsvarlege økonomiske rammer for å vareta bankens oppgåver og drift. Hovudstyret rapporterer status for ressursbruken til representantskapet minst to gonger årleg.

Finansdepartementet fastset årleg ei ramme for godtgjering av Noregs Banks direkte og indirekte kostnader til forvaltinga av SPU. Noregs Banks rekneskap følger *Forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank* (årsrekneskapsforskrifta). Den er basert på rekneskapslova og internasjonale rekneskapsstandardar og regulerer også rekneskapsrapporteringa for SPU.

Hovudstyret utarbeider og legg fram si årsmelding og bankens årsrekneskap for representantskapet. Samtidig blir revisjonsmeldinga frå Deloitte AS behandla. Representantskapet fastset årsrekneskape og tek hovudstyrets årsmelding til etterretning. Vedteke budsjett og fastsett årsrekneskap blir melde til Finansdepartementet.

Noregs Bank leverer kvartalsrapportar om forvaltninga av SPU. Hovudstyret er ansvarleg for denne rapporteringa. Ekstern revisor leverer ei fråsegna til representantskapet i samsvar med revisjonsstandard for forenkla kontroll av delårsrapportering. Representantskapet behandlar kvartalsrapportane og revisors fråsegner.

OPPFØLGING AV RESSURSBRUK OG VEDTAK OM NOREGS BANKS BUDSJETT

Bankens ressursbruk i 2012 er følgd opp av representantskapet gjennom behandling av halvårlege verksemderapportar og internrekneskapar. Representantskapet har merkt seg at rapporteringa frå sentralbankverksemda viser eit mindreforbruk på 7 prosent samanlikna med det vedtekne budsjettet. Hovudårsaka er lågare kostnader til personale, IT, konsulenter og setlar og mynt. Vidare viser NBIMs rapportering 13 prosent lågare kostnader enn i vedteke budsjett, noko som i hovudsak kjem av lågare honorar til eksterne forvaltarar.

Finansdepartementet fastsette ei øvre ramme for godtgjering av forvaltninga av SPU i 2012 med inntil 9 basispunkt (0,09 prosent) av gjennomsnittleg beløp under forvaltning. Frå 2013 inkluderer ramma kostnader i datterselskap som inngår i bankens forvaltning av eigedomsinvesteringar. Representantskapet konstaterer og er tilfreds med at forvaltningskostnadene sett på bakgrunn av storleiken på fondet viser ein nedgang over tid. For 2012 var kostnadene 5,3 basispunkt før avkastningsavhengige honorar, mot 6,4 basispunkt i 2011.

Noregs Banks budsjett for 2013 blei vedteke av representantskapet i desember 2012.

SÆRSKILDE SAKER OG FORHOLD I 2012

ØKONOMISTYRINGA I BANKEN. NYTT BUDSJETT-REGLEMENT FOR NOREGS BANK

Representantskapet har i 2012 fastsett nytt budsjettreglement for Noregs Bank. Det nye budsjettreglementet er gjort gjeldande fra og med budsjettåret 2013.

Med basis i ein tilsynsgjennomgang av bankens økonomistyringsmodell i 2011 vedtok representantskapet å setje i gang eit arbeid med siktet på å fastsetje eit nytt overordna budsjettreglement for Noregs Bank. I utviklinga av reglementet er praksis for økonomistyring i anna offentleg og i privat verksemd vurdert mot dei særeigne forholda som gjeld for ein sentralbank. Det er lagt vekt på at bankens budsjett skal vere eit overordna styringsinstrument for bankens ressursbruk og drift.

Formålet med budsjettreglementet er å fastsetje overordna retningslinjer og grunnleggjande premissar for bankens budsjett. Representantskapets budsjettvedtak omfattar bankens netto driftsresultat og samla investeringar. Hovudpostar for drifta av sentralbankverksemda og NBIM er spesifiserte. Det kan ikkje omdisponerast budsjettmidlar mellom sentralbankverksemda og NBIM med mindre det har samanheng med omorganisering av oppgåver mellom desse.

Prinsippa i rekneskapsrammeverket for banken skal nyttast ved utarbeiding av budsjettet. Avkastning og renter m.m. som er ei følge av bankens oppgåver innanfor bankverksemda og kapitalforvaltninga, blir ikkje budsjettert. Budsjettvedtak om investeringar og aktivitetar som strekkjer seg over fleire år, omfattar heile den planlagde perioden. Det sikrar føreseilegheit og gir god oversikt i budsjetteringa og representantskapets oppfølging. Budsjettpostar som er usikre og utanfor Noregs Banks kontroll, kan overskridast.

Driftsbudsjett for datterselskap som er omfatta av sentralbanklova § 8a, skal leggjast ved budsjettet.

Hovudstyret har med grunnlag i nytt budsjettreglement vedteke nytt økonomireglement gjeldande frå 2013 med utfyllande retningslinjer for budsjetteringa og økonomistyringa i banken.

Slik representantskapet ser det, har nytt budsjettreglement og hovudstyrets økonomireglement medverka til å klar gjere forventningane til hovudstyrets budsjettframlegg og organa si rolle og deira ansvar for ressursbruken i banken. Reglementet bidreg til å styrke tilsynet med verksemda samtidig som hovudstyret får stetta sitt behov for fleksibilitet i drifta av banken.

NOREGS BANKS ÅRSREKNESKAP FOR 2012

Noregs Banks årsmelding og rekneskap for 2012 er behandla i møte i representantskapet 7. mars 2013. Deloitte AS har levert revisjonsmelding til bankens årsrekneskap utan merknader. Rekneskapsrapporteringa om forvaltninga av SPU inngår i årsrekneskapen for banken. Deloitte AS har også levert ei særskild revisjonsmelding til denne rapporteringa utan merknader.

Det blei gjort slik vedtak:

- Representantskapet tek hovudstyrets årsmelding for 2012 til etterretning.
- Representantskapet tek revisors melding til Noregs Banks årsrekneskap 2012 til etterretning.
- Representantskapet fastset Noregs Banks årsrekneskap for 2012 med desse overføringane og disponeringane:
 - › I samsvar med fastsette retningslinjer blir totalresultatet, eit overskot på 773 millionar kroner, tilført kursreguleringsfondet.
- Det er ikkje midlar i overføringsfondet, og det blir derfor ikkje overføringer til statskassen.

Representantskapet har også fått ei orientering frå Deloitte AS om vesentlege forhold knytte til årets revisjon. Hovudstyret og Deloitte AS har stadfesta at banken har sett i verk prosessar for å følgje opp kommentarane i revisjonsrapporten frå 2011. Revisors rapport knytt til revisjonen av årsrekneskapen for 2012 vil bli behandla av representantskapet våren 2013.

Det er andre gongen rekneskapsrapporteringa blir gitt etter årsrekneskapsforskrifta for banken. Representantskapet ser på utviklinga av den finansielle rapporteringa dei siste åra som positiv for omdømmet til banken. Bruk av internasjonale rekneskapsstandardar gir også eksterne lesarar av rekneskapen lettare tilgang til informasjon, og det blir lettare å samanlikne med andre internasjonale verksemder.



1. Hoveusædet i Kristiania
a. Direktører.

ktionens fast beskikkede Formand, teg
n-chef)

KAPITTEL 8

VURDERING AV HOVUDSTYRETS STYRING OG KONTROLL

GJENNOMGANG AV HOVUDSTYRETS PROTOKOLLAR

Gjennomgangen av hovudstyrets protokollar er ei oppgåve som eksplisitt følgjer av sentralbanklova: «*Representantskapet avgir uttalelse om hovedstyrets protokoller, tilsynet med banken og saker som det forelegges av hovedstyret.*»

Hovudstyrets protokollar er eit særlig viktig grunnlag for representantskapets tilsyn. Protokollane gir ei oversikt over saksomfang og vedtak i enkeltsaker. 35 prosent av sakene som hovudstyret har behandla i 2012, er vidare-sende til representantskapet for behandling eller til orientering. I tillegg er enkelte saker omfatta av tilsynssekretariats gjennomgangar og omtalte i tilsynsrapportar til representantskapet. For andre saker som er behandla av hovudstyret, gir protokollane eit utgangspunkt for å be sentralbanksjefen om tilleggsinformasjon eller ytterlegare utgreiingar.

Representantskapet har gjennomgått alle hovudstyreprotokollar for 2012. Det har vore utdjupande drøftingar av enkelte saker i møta. Sentralbanksjefen har vore til stades og svart på spørsmål som er reiste i enkeltsaker. Det er ikkje protokollført særskilde merknader til hovudstyrets protokollar i 2012.

REPRESENTANTSKAPETS OVERORDNA VURDERING

Representantskapet har fått alle opplysningane det har bedt om.

Slik representantskapet ser det, har hovudstyret i 2012 utøvd tilfredsstillande styring av og kontroll med verksamda til Noregs Bank i samsvar med sentralbanklov, mandat og retningslinjer for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland og *Forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank*.

Det er ikkje avdekt forhold gjennom tilsynet med Noregs Banks drift og etterleving av reglane for bankens verksamd som gir grunnlag for særskilde merknader etter sentralbanklova.

Gjennom året er det rapportert om problemstillingar og behov for styrkt kontrollrammeverk og risikoreduserande tiltak på enkelte område. Representantskapet har god erfaring med at dette blir følgt opp på ein systematisk måte i banken. Til enkelte saker har representantskapet hatt merknader og framheva det viktige i at hovudstyret følgjer opp, og at representantskapet blir halde oppdatert og blir involvert i tilstrekkeleg grad. Dette har mellom anna vore knytt til etablering av og tilsyn med datterselskap i eigedomsforvaltinga og forhold som er rapporterte etter revisjons- og tilsynsgjennomgangar (for eksempel IT-sikkerheit og beredskap).

FIGUR 12 UTDRAG FRÅ REPRESENTANTSkapETS STRATEGI 2013–2015**Visjon og mål**

Representantskapet varetek demokratisk innsyn og uavhengig kontroll og bidreg til at Noregs Bank og Statens pensjonsfond utland har høg tillit i samfunnet.

Dei primære måla som bidreg til denne visjonen, er:

- Det skal vere ei brei oppfatning i Stortinget at representantskapet utøver eit effektivt tilsyn med Noregs Bank i tråd med mandat og forventningar.
- Representantskapet skal ha høg tillit i samfunnet.
- Det skal vere ei oppfatning i Noregs Bank at representantskapet utfører oppgåvene sine på ein måte som bidreg til bankens måloppnåing og renommé.
- Representantskapets medlemmer skal oppfatte arbeidet som effektivt og givande.

Grunnleggjande føresetnader

Ekstern rapportering og kommunikasjon frå representantskapet må vere open og tydeleg.

Medlemmene må ha god kunnskap om verksemda til Noregs Bank og rolla til representantskapet og særleg merksemd retta mot korleis Statens pensjonsfond utland blir forvalta.

Representantskapet må ha god tilgang til informasjon og føre ein open dialog med hovudstyret og leiinga.

Representantskapet må ha tilgang på høg kompetanse i tilsynssekretariatet og hos ekstern revisor.

Møte og saksdokument må vere formålstenleg og effektivt tilrettelagde.

KAPITTEL 9

PRIORITERINGAR I DET VIDARE TILSYNSARBEIDET

Noregs Bank er tillagd viktige oppgåver, og verksemda er omfattande. Representantskapets tilsyn blir prioritert ut frå samfunnsmessige omsyn, føringer frå Stortinget, formelle rammevilkår, tidlegare erfaringar og vurderingar av risiko og vesentlegheit i bankens verksemd. Representantskapet har fastsett ein strategi for si verksemd for perioden 2013–2015, jf. figur 12 Utdrag frå representantskapets strategi. Strategien gir føringer for vidareutviklinga av representantskapets arbeid og dei årlege tilsynsplanane.

Representantskapet har vedteke ein tilsynsplan for 2013 og vil nøyne følgje utviklinga i Noregs Banks rammevilkår, organisasjon, aktivitetar og hendingar. Vidare vil det jamleg bli halde auge med korleis hovudstyret oppdaterer og følger opp styringsrammeverk, med særleg vekt på risikostyring, internkontroll, risikoreduserande tiltak og etterleving av lover og reglar.

I tråd med nytt budsjettreglement vil representantskapet følgje opp gjennomføring av handlingsplanar og styring av ressursbruk. Oppfølging av arbeidet banken gjer på området sikkerheit og beredskap, kjem framleis til å ha høg prioritet. Banken er sterkt avhengig av stabile og sikre IT-løysingar, i samspel med eksterne leverandørar, noko som krev eit særleg fokus også frå representantskapet.

Utvalde tema for tilsynsgjennomgangar i 2013 er mellom anna organisering og styring av funksjonar på tvers av verksemndene, prosessar for evaluering av utkontraktering av oppgåver og oppfølging av etiske prinsipp for tilsette i Noregs Bank.

I lys av finansuroa vil representantskapet framleis følgje med på Noregs Banks planar og tiltak for å sikre finansiell stabilitet ogberedskap for handtering av eventuelle kriser. Ein vil òg halde seg orientert om korleis hovudstyret tek hand om valutareservane.

Tilsynet med kapitalforvaltninga har framleis høg prioritet. Dialogen med Finansdepartementet for innspel til attestasjonsprosjekt er vidareført ved utarbeidinga av tilsynsplanen. Det er planlagt eit attestasjonsprosjekt for vurderingar av rammeverket for risikostyringa i den aktive forvaltninga. Andre prioriterte tema for tilsynsgjennomgangar er ansvarleg investeringsverksemd, skattemessige problemstillingar og eigedomsverksemda gjennom datterselskap.



4. REKKE: Reidar Åsgård, Ingebrig S.
Sørfonn, Marianne Lie, Tormod Andreassen,
Eva Karin Gråberg og Vidar Bjørnstad

3. REKKE: Randi Øverland og Morten Lund

2. REKKE: Synnøve Søndergaard, Runbjørg
Bremset Hansen, Tine Sundtoft og Erlend Vestli

1. REKKE: Frank Sve (nestleiar), Reidar Sandal
(leiar) og Monica Salthella

VEDLEGG

REPRESENTANTSkapet i NOREGS BANK 2012–2013

Faste medlemmer	Oppnemnd første gong	Gjeldande funksjonstid	Varamedlemmer
Reidar Sandal, <i>leiar</i>	2010	(2010–2013)	Ola Røtvei
Frank Sve, <i>nestleiar</i>	2006	(2010–2013)	Tone T. Johansen
Tormod Andreassen	2008	(2012–2015)	Beate Bø Nilsen
Vidar Bjørnstad	2012	(2012–2015)	Hans Kolstad
Eva Karin Gråberg	2004	(2012–2015)	Rita Lekang
Runbjørg Bremset Hansen	2004	(2012–2015)	Camilla Bakken Øvald
Marianne Lie	2010	(2010–2013)	Lars Gjedebo
Morten Lund	2010	(2012–2015)	Torunn Hovde Kaasa
Monica Salthera	2010	(2010–2013)	Lars Haakon Søraas
Tine Sundtoft	2012	(2012–2015)	André Støylen
Synnøve Søndergaard	2010	(2010–2013)	Britt Hildeng
Ingebrig S. Sørfonn	2012	(2012–2015)	Solveig Ege Tengesdal
Erland Vestli	2006	(2010–2013)	Jan Blomseth
Randi Øverland	2012	(2012–2015)	Anne Grethe Kvernød
Reidar Åsgård	2006	(2010–2013)	Kari-Anne Opsal

Den faste komité

Reidar Sandal, *leiar*

Frank Sve, *nestleiar*

Runbjørg Bremset Hansen

Monica Salthera

Reidar Åsgård

Eva Karin Gråberg

Erland Vestli

Morten Lund

Tormod Andreassen

Synnøve Søndergaard

Direktør i tilsynssekreteriatet

Svenn Erik Forsstrøm

PRESENTASJON AV MEDLEMMENE I REPRESENTANTSkapet

Reidar Sandal

Dagleg leiar i Sunnfjord Næringsråd. Styreleiar i Innovasjon Noreg, Fjord1 AS, Nynorsk kultursentrum og Sunnfjord Næringsutvikling AS m.fl. Tidlegare erfaring m.a. som statsråd i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, stortingsrepresentant og leiar av Finanskomiteen, fylkestingsrepresentant, fylkesdirektør i Sogn og Fjordane fylkeskommune og lektor. Cand.philol. Universitetet i Bergen.

Frank Sve

Fylkespolitikar. Fylkesutvalsmedlem, fylkestingsgruppeleiar, medlem i Vestlandsrådet. Formannskapsmedlem. Styreleiar i Åknes/Tafjord Beredskap IKS og styremedlem i Norsk Marintint Kompetansesenter. Tidlegare erfaring m.a. som ordførar, driftsleiar Møremøbler / Stokke produksjon, styremedlem i St. Olavs Hospital HF og styremedlem i Innovasjon Noreg Møre og Romsdal. Yrkesfagleg bakgrunn.

Runbjørg Bremset Hansen

Lektor ved Kolvereid skole. Medlem av kommunalt administrasjonsutval. Tidlegare erfaring m.a. som fylkestingsrepresentant, varaordførar, medlem av landsdelsutvalet for Nord-Trøndelag og Nord-Noreg og styremedlem i Helse Midt-Noreg. Forfattar av historieverket «Nærøyfolket». Cand.philol. NTNU.

Monica Salthera

Administrerande direktör i Formuesforvaltning Vest AS. Styreleiar i Ha Mot AS og styremedlem i Eiendomsspar AS og Victoria Eigedom AS. Tidlegare erfaring m.a. som viseadministrerande direktör i Sparebanken Vest, administrerande direktör i Skandia fondsforvaltning AS, medlem i representantskapet i Eksportfinans och styremedlem i Bankenes Sikringsfond och Sparebankenes Sikringsfond. Siviløkonom University of London.

Reidar Åsgård

Småbrukar. Fylkestingsrepresentant. Nestleiar i styret for Eidsiva Energi. Tidlegare erfaring m.a. som fylkesrådsleiar, ordførar, leiar i Hedmark Arbeidarparti og leiar i Utmarkscommunanes samanslutning. Cand.philol. NIH og cand.jur. Universitetet i Oslo.

Tormod Andreassen

Dagleg leiar i Atecon Finans AS. Styremedlem i Lærdal Finans AS, Sparebank1 Nord-Norges Pensjonskasse m. fl. Tidlegare erfaring m.a. som viseadm.dir. og sjeføkonom i Kreditkassen, investeringssjef og sjeføkonom i SpareBank 1 Gruppen AS, adm.dir. Alfred Berg og SR-fonds, byråsjef i Statistisk sentralbyrå, styremedlem i Forretningsbankenes Sikringsfond og FNHs bransjestyre for livsforsikring og forvalting. Cand.oecon. Universitet i Oslo.

Vidar Bjørnstad

Leiar i internasjonal avdeling Landsorganisasjonen i Noreg. Nestleiar i Ombodsmannsnemnda i Forsvaret. Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant, politisk rådgivar i Bistandsdepartementet, fylkesaksjonsleiar i Amnesty International, medlem av sentralstyret i Europarørsla og personleg sekretær for LO-leiaren. Cand.mag. Universitetet i Oslo.

Eva Karin Gråberg

Rektor ved Måndalen oppvekstsenter. Styremedlem i Rauma Energi AS og Troll-tinn AS og leiar av representantskapet ved Tøndergård skole og resurssenter. Tidlegare erfaring m.a. som varaordførar og styremedlem i Helse Nordmøre og Romsdal HF, Kommunenes Sentralforbund og Nordveggen AS Utvikling. Utdanning frå Lærerhøgskolen Hamar og ODH Lillehammer. Cand.mag. Universitetet i Oslo.

Marianne Lie

Sekretariatsleiar i Forum for Miljøteknologi. Styremedlem i Wilh. Wilhelmsen ASA og RS Platou ASA m. fl. og medlem av Executive Committee i Trilateral Commission. Tidlegare erfaring m.a. som adm.dir. i Norges Rederiforbund og Vattenfall Norge og dagleg leiar i Helsevakten Telemed. Samfunnsfagleg bakgrunn frå Universitetet i Oslo.

Morten Lund

Pensjonist. Tidlegare erfaring m.a. som sjølvstendig næringsdrivande og gardbrukar, forskar NLH og Statens Arbeidstilsyn, stortingsrepresentant og leiar av Næringskomiteen, politisk rådgivar for Senterpartiets stortingsgruppe, møtande varamedlem til Riksrevisorkollegiet, ordførar og leiar for Regionrådet Fosen og Rådet for Sør-Trøndelag Kraftselskap. Cand. agric. NLH og dr. scient. NLH/ NTH.

Tine Sundtoft

Fylkesrådmann i Vest-Agder fylkeskommune. Tidlegare erfaring m.a. som regiondirektør i NHO Agder, fylkestingsrepresentant, kommunestyremedlem og politisk rådgivar for Høgres stortingsgruppe. Siviløkonom frå Handelshøyskolen BI.

Synnøve Søndergaard

Distriktssekretær ved LOs distriktskontor i Troms, nestleiar i Inko Industri- og Kompetansesenter AS, nestleiar i Troms Fylkestrafikk, styremedlem i Norsk Luftfartsmuseum og Norsk Luftfartssenter Bodø AS. Tidlegare erfaring m.a. som førstekonsulent i Forsvarsbygg, ass. controller i Det Norske Veritas Rotterdam og fylkesråd i Troms. Utdanning frå distrikthøgskolen i Østfold.

Ingebrig S. Sørfonn

Økonomileiar i Indremisjonsforbundet. Styreleiar Sambåndet Forlag AS, Egill Danielsen Stiftelse og åtte Danielsen-skular. Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant, andre nestleiar i Finanskomiteen, ordførar, leiarstillingar i Sunnhordland Kraftlag AS og styreleiar i Indremisjonsforbundet. Master of Management frå Handelshøyskolen BI.

Erland Vestli

Økonomisjef i Framstegspartiet. Kontrollutvalsmedlem. Styremedlem i Romerike Krisesenter IKS. Tidlegare erfaring m.a. som Financial Markets Trader i Chase, ICAP og RP Martin i London og Oslo, kommunestyrerepresentant og fylkestingsrepresentant, administrasjonssjef og generalsekretær i Framstegspartiet. Økonom frå Bankakademiet.

Randi Øverland

Seniorrådgivar ved Universitetet i Agder. Styreleiar i Sørlandets kunstmuseum. Tidlegare erfaring m.a. som rektor ved Tangen vidaregåande skule, statssekretær i Kultur- og kyrkjedepartementet, statssekretær i Kyrkle-, utdannings- og forskingsdepartementet og formannskapsmedlem. Adjunkt frå Notodden lærerhøyskole med tilleggsutdanning m.a. frå UiO og UiA.

DIREKTØR I TILSYNSSEKRETARIATET**Svenn Erik Forsstrøm**

Direktør for representantskapets tilsynssekreariat. Tidlegare erfaring som sentralbankrevisor i Noregs Bank og partner i revisjonsselskapet Coopers & Lybrand (no PwC). Siviløkonom NHH, statsautorisert revisor.

Representantskapet i Noregs Bank
Rapport for 2012

Utgitt av:

Representantskapet i Noregs Bank
Bankplassen 2
Postboks 1179 Sentrum
0107 Oslo
Telefon 22 31 60 00
www.norges-bank.no

Publisert:

20. mars 2013

Layout og trykk:

07 Media

Foto:

Monica Kvaale (s. 42)
Espen Schive (s. 17, 25 og 38)
Ståle Andersen (s. 46)
Sturlason (s. 8)

ISBN 978-82-7553-740-7 (trykt)

ISBN 978-82-7553-741-4 (online)

